



# Kunst- og kultursektoren sitt samfunnsbidrag i Kvam

Pelle Engesæter



IDEAS2EVIDENCE

ideas2evidence-rapport 09:2016



# Kunst- og kultursektoren sitt samfunnsbidrag i Kvam

---

ideas2evidence-rapport 09:2016

Utarbeidet av Pelle Engesæter på oppdrag for Kvam herad

ideas2evidence 09:2016

ideas2evidence  
Villaveien 5  
5007 Bergen  
post@ideas2evidence.com  
Telefon: 918 17 197  
www.ideas2evidence.com

Bergen, oktober 2016

## Forord

Rapporten er utarbeid på oppdrag frå Kvam herad.

I siste halvdel av 2000-talet vedtok kommunen å satse på kunst og kultur som eit medel for å få tilflytting til kommunen. Initiativet Kvammalokk stod her sentralt. I 2013 vart kunst- og kultursatsinga sameina med Bulyst-tiltak i regi av Distriktsenteret, noko som førte til etableringa av Kvammalokk Revisited. Denne rapporten er, i korte trekk, ein gjennomgang av kunst- og kultursektoren sitt samfunnsbidrag i Kvam.

Kvam har sidan 2008 hatt ein sterkare vekst i talet på utøvarar innan kunst- og kulturfeltet enn mange andre kommunar, og talet på arbeidsplassar innan kunst- og kulturfeltet har auka i same perioden. Det er rimeleg god grunn til å tru at satsinga til Kvam herad på å leggje til rette for sektoren, mellom anna gjennom Kvammalokk og Kvammalokk Revisited, har vore ein sterk medverkande årsak til dette. Sektoren sjølv har i stor grad også gjort ein innsats som har gjort kultursektoren til ein viktig faktor i samfunnsutviklinga i Kvam. Kartlegginga har vist at kunst og kultur skapar både arbeidsplassar og genererer aktivitet.

Vi ønskjer å presisere at kartlegginga ikkje gjev grunnlag for ein klar og eintydig konklusjon. Dette skuldast at vi dels ror i metodisk ureint farvatn med mange usikre faktorar, dels at datagrunnlaget har vore mangelfullt eller usikkert. Kartlegginga omfattar såleis til dømes ikkje pengestraumar inn og ut av Kvam i samband med kulturarrangement, eller publikumsundersøkingar retta mot forbruk på kulturarrangement. Unntaket er her publikumsundersøkinga på Bygdalarm 2012 gjort i ein annan samanheng.

Kontaktperson i Kvam herad har vore Jan Tjosås.

Stor takk til Solfrid Aksnes (Harding Puls, Galleri Puls og Hardingtonar), Heidi Ann Jaeger (Kabuso), Stig Lundblad-Sandbekk (Messen), Anne Marie Øvrevik (Hardanger Fartøyvernssenter), Kirsti Aksnes (Bygdalarm), Geir Madsen (Hardanger Trebåtfestival), samt kunstnarane , Aud Bækkelund , Kwestan Jamal Bawan og Silje Ensby (alle er knytt til Galleri Puls), og Torleis Ljones (Kvam næringsråd).

Pelle Engesæter hos ideas2evidence har utarbeidd rapporten.

Bergen, november 2016



## Innhald

Forord 4	
1 Innleiing .....	8
1.1 Oppdraget .....	8
1.2 Bakgrunn: Færre folk og færre arbeidsplassar .....	8
1.3 Løysing: Satsing på kunst og kultur .....	9
1.4 «Kvam investerer i menneske med visjonar i staden for i maskinar».....	10
1.5 Ytre og indre drivkrefter .....	12
1.5.1 Eksogene og endogene faktorar .....	13
1.6 Kunst og kultur som verkemiddel for samfunnsutvikling.....	14
1.6.1 Meirverdi av satsinga på kunst og kultur .....	14
1.6.2 Kunst og kultur kan både ha direkte og indirekte tyding for lokalsamfunnet .....	14
1.7 Kunst- og kulturfeltet .....	15
1.8 Gjennomføring .....	16
2 Utviklingstrekk.....	18
2.1 Bruk av kontrollkommunar.....	18
2.2 Demografiske utviklingstrekk .....	19
2.3 Økonomiske utviklingstrekk .....	20
2.4 Utviklingstrekk innan kunst- og kultursektoren .....	22
2.4.1 Vekst i tal sysselsette innan kunst- og kultursektoren i Kvam .....	22
2.4.2 Fleire verksemdar under «Kunstnarisk verksemd og underhaldningsverksemd» .....	22
2.5 Utviklingstrekk sysselsetting i Kvam.....	23
3 Kunst- og kultursektoren i Kvam .....	24
3.1 Kunst- og kultursektoren i høve til andre sektorar .....	24
3.2 Mange einskildføretak.....	25
3.3 Musé, kunsthus, nettverk og festivalar .....	26
4 Ringverknader for andre sektorar .....	32
4.1 Økonomisk ringverknader .....	32
4.2 Aktivitet skapar ringverknader .....	35
4.2.1 Bygdalarm –trekker folk til Øystese .....	35
4.2.2 Har tala frå Bygdalarm overføringsverdi til kunst- og kulturfeltet i Kvam? .....	37
4.2.3 Harding Puls og Galleri Puls – skaffar kunstnarar inntekt .....	37
4.2.4 Kunsthuset Kabuso – trekkjer verdskjente artistar til Kvam .....	38
4.2.5 Hardanger Fartøyvernsenter – viktig på mange måtar .....	38
4.2.6 Også kunstnarar og kulturarbeidarar betaler skatt.....	39
5 Kunst- og kultursatsinga si tyding for samfunns- og næringsutviklinga i Kvam .....	42
5.1 Langsiktige ringverknader av kunst- og kultur .....	42
5.2 Kva gjennomgangen har vist .....	43
5.3 Har satsinga på kunst og kultur gitt meirverdi for Kvam?.....	44
5.3.1 Viktige føresetnader for bulyst og attraktivitet.....	45
5.3.2 Kva så med Kvam?.....	46
5.3.3 Vekst i sysselsette innan kunst- og kulturfeltet i Kvam .....	47
6 Avslutning.....	48
6.1.1 Mangfaldig og omfattande kunst- og kultursektor .....	48
6.1.2 Kunst- og kulturfeltet gir ringverknader, men kanskje ikkje veldig store .....	48
6.1.3 Kunst og kultur åleine skapar lite tilflytting, men gir arbeidsplassar og genererer aktivitet.....	48
6.1.4 Kunst- og kultursatsinga har vore god marknadsføring for Kvam.....	49
6.1.5 Ingen klar og eintydig konklusjon.....	51
Referansar .....	52
Vedlegg.....	54



# 1 Innleiing

*Kapitlet gir ei kortfatta innføring i bakgrunnen for Kvam herad si satsing på kunst og kultur som samfunnsbyggande element, og kva kommunen har sett i verk av tiltak. Til slutt i kapitlet vert det i korte trekk gjort greie for kjeldegrunnlag og gjennomføring.*

## 1.1 Oppdraget

Føremålet med oppdraget har vore å gjennomføre ei kartlegging av:

- Kunst- og kultursektoren sitt omfang i Kvam
- Ringverknader for andre sektorar
- Sektoren si tyding for samfunns- og næringsutviklinga i kommunen

To vesentlege spørsmål i denne samanheng er:

1. Har satsinga på kunst og kultur gitt «meirverdi» for Kvam i form av auka bulyst og attraktivitet? Og
2. Har aktiviteten i samband med det såkalla bulystprosjektet «Kvammalokk Revisited» hatt effekt på tilflytting og bulyst?


## 1.2 Bakgrunn: Færre folk og færre arbeidsplassar

Nedgang i folketal og sterk reduksjon i talet på arbeidsplassar har prega utviklinga i Kvam sidan 2000, med nokre unntak. Arbeidsplassutviklinga i Kvam etter 2000 har vore mykje svakare enn i Hordaland elles, men også svakare enn veksten i landet sett under eitt<sup>1</sup>. Ei vesentleg årsak til nedgang i talet på arbeidsplassar har vore ein uheldig næringsstruktur, med ei overvekt på konjunkturutsette næringar og primærnæringar. I følgje Kommunedelplan for næring og kompetanse 2015-2023, var det 872 arbeidsplassar i industrien i Kvam i 2000. I 2012 var det 569 industriarbeidsplassar. Det har dermed forsvunne over 300 industriarbeidsplassar i dette tidsrommet. Dei naturbaserte næringane, det vil seie primærnæringane, har også hatt eit ganske kraftig fall. Det var 325 arbeidsplassar i naturbaserte næringar i Kvam i 2000. I 2012 var talet redusert til 221. Dermed har det vore ein nedgang på over 100 arbeidsplassar i naturbasert verksemd også. Det var berre 16 arbeidsplassar i teknologiske tenester i Kvam i 2000. Talet auka til over 100 i 2004, men dei fleste av desse forsvann frå statistikken i 2005. I 2012 er det 33 arbeidsplassar i dei teknologiske tenestene i Kvam.

Folketalet var lenge relativt stabilt i Kvam, men i 2001 byrja det å søkkje dramatisk ved at det flytta ut fleire enn det flytta inn til kommunen. Dette, saman med negativt fødselsoverskot nokre påfølgjande år, gjorde at folketalet i 2007 var redusert med 369 personar sidan 2011. Etter mange år med negativ flyttebalanse fekk Kvam i 2008 ein positiv flyttebalanse på 118 personar. Kvammalokk vart etablert i 2007

---

<sup>1</sup> Kjelde: Telemarksforsking: TF-notat nr. 48/2013.



Figur 1.1 Folketalsutvikling i Kvam 1996-2008. SSB

### 1.3 Løysing: Satsing på kunst og kultur

**Saksa frå dokumentet «Hardangerlokk. Programplan 2008 – 2010». Udatert.**

«Hardangerregionen opplever nedgang i folketal saman med auka behov for arbeidskraft. Prognosane for framtida peikar og i negativ lei, jf. Hordaland fylkeskommune si framskrivning. Prosjektet Kvammalokk vart vedteke i Kvam heradsstyre våren 2007. Kvammalokk skulle få kunstnarar til å flytte til kommunen, betre omdøme, og stimulere til fellesatelier og vekst i kulturlivet. Lokkeveka vart gjennomført sommaren 2007, og det har vore jobba med oppfølging i 40% stilling. Resultatet av Kvammalokk 2007 er ikkje eintydig målbart, men ein veit at 90 personar viste interesse ved å ta kontakt. 24 av desse vitja kommunen under Kvammalokkhelga. 10 personar er under flytting per april 2008. I tillegg har det vore registrert mykje positiv medieomtale. Kunstnarar frå både Tyskland, Belgia og Japan har vore i kontakt. Det har vore registrert positive attendemeldingar frå Hordaland fylkeskommune, departement, andre kommunar, "Flytt til Hardanger" og frå folk i Kvam.

Tre etablerarstipend a kr 50 000 vart vedteke utlyst i 2007 av Kvam heradsstyre. Til saman 10 søknader vart handsama. 7 personar er komne til Kvam i 2008 med dette stipendet. 4 av dei frå Nederland. Alle mottakarane av stipendet var òg med i Kvammalokk. Nokre av kunstnarane frå Kvammalokkhelga kjem utan stipend.

Gjennom arbeidet med Kvammalokk har prosjektgruppa sett at prosjektet inneheld verdiar som eit målretta samfunnsutviklingsprogram med fokus på kunst og kultur.»

Teksten ovanfor er frå «Hardangerlokk. Programplan 2008-2010» og illustrerer på ein god måte intensjonen og tankane bak Kvammalokk og den regionale Hardangerlokk; gjennom å leggje til rette for kunst og kultur skal Kvam lokke til seg tifylttarar – både kunstnarar og andre.

Tankegangen bak Kvammalokk etablert i 2007 og oppfølgjaren Kvammalokk Revisited i 2013, var at kunst- og kultursatsing vil generere aktivitet som vil gje positive lokale ringverknader utover kulturfeltet. Både stadutvikling, omdømebygging og marknadsføring av kommunen inngår i dette. Målet er å gjere Kvam meir attraktiv som bustadkommune og som ein kommune å drive næring i. Kvam herad har såleis hatt ein intensjon om at kunst- og kultur ikkje berre utgjer ein verdi i seg sjølv,

men kan utgjere eit verkemedel for både å halde på innbyggerane og gjere kommunen attraktiv for nye innbyggjarar og for besøkande.

Kvam herad har hatt ei sentral rolle i etableringa av prosjekta Kvammalokk i 2007 og Hardangerlokk (saman med Hardangerrådet), som i sin tur var sterkt medverkande til etablering av kunst- og kulturtiltak som Hardanger Kunstsule (no nedlagt), Galleri Puls og Kunstnarhuset Messen. Desse institusjonane har i sin tur vore viktige samarbeidspartnarar for Kvam herad i etableringa av Kvammalokk Revisited. Tanken bak er at kunst og kultur skal generere tilflytting, bulyst, besøk og til bedriftsetablering og skaping av nye arbeidsplassar.

#### 1.4 «Kvam investerer i menneske med visjonar i staden for i maskinar»

Følgjande tre artiklar frå Bergens Tidende frå september 2007 illustrerer på ein god måte bakgrunnen for Kvam herad si satsing og tru på kunst og kultur som verkemiddel for ønska samfunnsutvikling. Kultur vart også valkamptema i kommunevalet dette året.

## Kunstnerne som skal redde Kvam

**Kvam sliter med fraflytting. Satsing på kultur skal ikke bare få flere til å bli, men også gi kommunen nye innbyggere.**

ERLEND LANGELAND HAUGEN

04.sep. 2007 06:00  
Oppdatert 04.sep. 2007 09:47

I Kvam satser de på kultur i valgkampen. Sittende ordfører Astrid Farestveit Selsvold (Ap) går til valg på at kommunen fortsatt skal være blant landets beste på området. Hun har få - om noen - meningsmotstandere blant de andre politikerne i heradsstyret. - Her er vi unisont enige om at kultur er veien å gå, sier ordføreren.

Ambisjonene er ikke blitt mindre av at Kvam herad ble kåret til kulturkommunen i Hordaland i fjor.

- Kåringen ga oss stor inspirasjon til å fortsette i samme spor. Vi vil stanse fraflyttingen, og mener kultursatsingen er et av de viktigste tiltakene, sier Farestveit Selsvold, som legger til at også innbyggerne hun møter på stands støtter kultursatsingen.

### - Skaper arbeidsplasser

Og kultur i Kvam «er ikke knapper og glansbilder», skal vi tro kommunens informasjonssjef Lars Endre Tholo.

- Noe av det viktigste for oss har vært ildsjeler med kompetanse. Her er det profesjonalitet også i det frivillige arbeidet, sier Tholo.

Han mener kreative miljø som skaper arbeidsplasser er veien å gå. Og med festivaler som Hardingtonar, Hardanger Båttfestival, årets nykommer Bygdalarm og en frukt- og siderfestival i Øystese, har kommunen gode forutsetninger for å lykkes.

- Vi har mange krefter som kan løfte oss som kulturkommune. Det er viktig at kulturlivet selv klekker ut ideene. Kommunen skal fungere som en god medspiller, sier Farestveit Selsvold.

Rundt 350 aktive lag og organisasjoner vitner om stort lokalt engasjement. Over 20.000 besøkende har vært innom kunsthuset Kabuso siden åpningen i januar i fjor.

- Folk vil ha opplevelser. Det er opplevelsesøkonomi som er fremtiden for Kvam, sier Farestveit Selsvold.

Også varaordfører Lars Ragnvald Djupevåg (V) tror kultursatsingen er viktig for at Kvam skal bestå.

- Vi er en del av Hardanger, et nasjonalt reiselivssikon. For å overleve, må vi selge opplevelser, og turistene søker det som er

ekte. Tar vi ikke vare på kvalitetene og tradisjonene våre, har vi tapt, sier Djupevåg.

### **Kulturell identitet**

Kvam herad bruker i snitt drøye 2700 kroner per innbygger på drift og investeringer i kultursektoren. Gjennomsnittet i Hordaland er knappe 1900 kroner.

- Dette handler om prioritering. Vi har sett fruktene av kulturbasert næring, sier Djupevåg, som trekker frem Hardanger Fartøyvernssenter som et prakt eksempel.

- Det begynte med én mann. I dag har senteret mellom 40 og 50 årsverk, sier han.

Totalt er kulturbudsjettet i kommunen på rundt tolv millioner kroner.

- Det er ikke spesielt mye mer enn andre kommuner. Det handler mer om hvordan vi bruker pengene, mener ordfører Farestveit Selsvold.

Både hun og Djupevåg innrømmer at fallhøyden er stor, men de er ikke redde for at kulturhus og museer til millioner skal stå tomme om ti eller tyve år. De tror kulturen vil gi økt innflytting.

- Satsingen vil ikke bare skape arbeidsplasser, men også lønne seg ved at det blir triveligere å bo her. Vi vil skape en kulturell identitet i Kvam, sier ordføreren.

Både prosjektet Kvammalokk, som skal lokke kunstnere til å bosette seg i kommunen, og kunstnerforumet Hardingpuls blir viktige i tiden fremover.

- Miljø skaper miljø. Hardingpuls vil være en magnet i årene som kommer, tror Djupevåg.

## **Lokkes til Kvam**

### **Kvam vil ha flere kunstnere. Ole Mads og Judy Sirks Vevle tar gjerne turen til Ålvik med sin førstefødte.**

ERLEND LANGELAND HAUGEN

04.sep. 2007 06:00  
Oppdatert 04.sep. 2007 09:43

Paret fra Bergen var to av de 24 kunstnerne som denne helgen fikk en omvisning i Hardanger-kommunen.

- Vi har nettopp fått barn, og var allerede inne på tanken om å flytte fra byen, da vi så at Kvam spesifikt søkte etter kunstnere som ville bosette seg der, sier paret.

Med prosjektet Kvammalokk ønsker Kvam herad å lokke til seg kunstnere. Denne helgen var ni norske og femten nederlandske kunstnere på besøk i Hardanger. De fikk presentert kommunens planer for fremtidens Kvam, men ble også utfordret på hva de selv kan bidra med i utviklingen av kommunen.

- Det har vært hyggelig å ha denne helgen til å dele vyer og tanker med andre i samme båt. Dersom bare en brøkdel av disse planene blir satt ut i livet, blir det veldig spennende å bo her, sier Ole Mads Sirks Vevle.

Han jobber med film, video, scenekunst og tekst. Konen er maler, og debutterer på Høstutstillingen neste uke. De er lei av å se bensinstasjoner, kjedekiosker og shoppingssentre på alle kanter, og ønsker ro og fred til å jobbe. At bokostnadene er adskillig mindre i Kvam enn i Bergen, spiller også inn.

- Vi liker oss godt i Bergen, men nå, med en baby på elleve uker, har vi lyst til å satse mer på kunsten og på livet. Samtidig er det viktig for paret å beholde kontakten med familie og venner i Bergen.

- Og dette er jo i nabolaget. Vi har kjørt forbi Ålvik før, men da vi denne gangen tok av fra hovedveien, var det plutselig en perle som åpenbarte seg, sier de.

Det betyr også mye at hele lokalsamfunnet, fra lokale kunstnere til toppolitikere i kommunen, står sammen om tiltaket.

- Dette er lite samfunn med et stort potensial. Det er mye på gang, og det frister å kunne være med helt fra begynnelsen.

## **-Har ikke komme for å se fjorder og fjell Flere av de besøkende kunstnerne har allerede bestemt seg for å flytte til Kvam.**

04.sep. 2007 06:00  
Oppdatert 04.sep. 2007 09:44

Det sier Vigdis Stokker Jensen, prosjektleder for Kvammalokk. Hun tror også det er sannsynlig at prosjektet blir gjentatt.

- Jeg tror dette må til for at Kvam skal overleve. Et samfunn er mer enn familie og jobb. Du trenger opplevelsen kunst og kultur gir, sier Stokker Jensen.

Utover høsten vil hun ta imot flere av kunstnerne som ikke fikk sjansen denne helgen. I utgangspunktet ønsket over 70 kunstnere å besøke Kvam.

### **Har konkrete planer**

Komponist Albert van Veenendaal og Monique Besten, som driver med visuell kunst, var blant de heldige som passerte nåløyet. De lever godt av kunsten sin i Nederland, men ønsker å skape et senter i Kvam der de kan bo omtrent halve året.

- Folk tror gjerne at kunst er luksus, men for å utvikle et samfunn, trenger du visjoner. Og det er kunstnerne som går ut over konvensjonelle rammer og økonomiske motiver, sier van Veenendaal.

Han er klar på at han ikke er kommet til Kvam for å se fjorder og fjell.

- Vi er seriøse kunstnere, og har konkrete planer for stedet, sier komponisten, og legger entusiastisk ut om potensialet for et galleri og en konsertsal ved fabrikkens i Ålvik.

### **Vil forme lokalsamfunnet**

For Monique Besten har mottakelsen i lokalsamfunnet vært viktig. Hun har ikke kommet til Kvam for å låse seg inne og dyrke inspirasjonen alene.

- Det er viktig at vi blir en del av samfunnet, og kan være med på å forme det. Det er spennende med et sted som ikke er så utviklet. Vi kan skape noe nytt som blir synlig, sier hun.

Begge kommer tilbake senere i høst, for «fåle på stedet» i en lengre periode. Da de første gang hørte om Kvammalokk, ble de forbauset.

- Det er veldig uvanlig å investere i mennesker med visjoner, fremfor for eksempel fabrikker. Dette er unikt. De tar en stor risiko - og jeg applauderer dem, sier van Veenendaal.

## **1.5 Ytre og indre drivkrefter**

For å bedre å skjønne tankegangen bak Kvammalokk/Kvammalokk Revisited må vi skjele til både til nyere teorier om lokal og regional utvikling, og til Richard Florida-inspirerte ideer om «den kreative klassen» som vekstfaktor for samfunnsutvikling. Satsinga til Kvam herad på kunst- og kultur harmonerer med ein trend som ser kultur som eit viktig verkemiddel for å oppnå ei ønska

samfunnsutvikling. Kultursektoren har, i Noreg som i Europa, dei siste 10-15 åra blitt tiltenkt ein stadig viktigare rolle som verkemiddel i samfunnsutviklinga (Dahle m.fl. 2013).

### 1.5.1 Eksogene og endogene faktorar

Nyare teoriar om lokal og regional utvikling skil mellom utvikling som kjem utanfrå (eksogen) og innanfrå (endogen). I eit eksogent utviklingsperspektiv er det tilhøve utanfor regionen (her; kommune) som set premissane for utviklinga, t.d. nasjonale økonomiske og politiske føringar, internasjonale konjunkturar, og utbygging av infrastruktur. Lokal og regional utvikling er, for å si det litt enkelt, styrt av strukturelle tilhøve som lokalsamfunn og regionar har liten innverknad over. Dette paradigmet har dominert norsk regional- og distriktpolitikk i Noreg frå mot 1990-talet (Hansen og Selstad<sup>2</sup>; Damvad 2015<sup>3</sup>).

I eit endogent utviklingsperspektiv vert fokus retta mot tilhøve innan regionen og det utviklingspotensialet som finst lokalt. Slike utviklingspotensiale vert knytt både mot lokale/regionale aktørar (human-kapital) og mot det lokale/regionale ressursgrunnet. Innanfor dette paradigmet vert fokus sett på å bygge kapasitet lokalt for på den måten å løyse ut den lokale vekstkrafta. Det er det endogene paradigmet som har løfta fram kreativitet, estetikk og lokalt kulturliv som ei kjelde til vekst i norske tettstader og distriktskommunar. Det er grunn til å tru at framveksten av Florida-inspirerte teoriar om den kreative økonomien og opplevingsøkonomien i stor grad har medverka til omgrep som stadutvikling og attraktive bu-område har blitt viktig òg som mål for spesifikke tiltak innanfor regionalutviklinga (jf. fotnote 2). Kommunar som satsar på fysisk oppgradering av bygningsmasse og infrastruktur, skapar møteplassar for kunst- og kultur, samt medverkar til å «lokke» til seg ressurspersonar (t.d. kompetansepersonar eller kunstnarar), vil – om ein legg ei slik forståing til grunn, stå fram som attraktive og såleis generere tilflytting.

Medan det eksogene paradigmet legg vekt på strukturelle tilhøve ein lokalt kan gjere lite med, så legg det endogene paradigmet truleg for mykje vekt på eigengenerert innsats for å gjere lokalsamfunnet attraktivt for busetjing, vitjing (av turistar og opplevingsbesøkande) og tilflytting av både menneske og kapital (Damvad 2015). Den generelle faglege forståinga i dag er (sjølv sagt) at både eksogene og endogene vekstimpulsar er naudsynte for lokal og regional utvikling. Norske lokalsamfunn utgjer ein del av verda, og blir følgjeleg påverka av politiske vedtak og økonomiske tilhøve både i Noreg og i verda elles. Samstundes er det slik at eigeninitierte tiltak i norske kommunar kan medverke til å motverke ein negativ demografisk utvikling og på sikt gjere kommunen meir attraktiv både som ein stad å bu, for næringslivet og for besøkande. Stadutviklingstiltak (både materielle/fysiske og immaterielle/sosiale) kan vere ein viktig strategi for ein distriktskommune i arbeidet for å bli attraktiv som bu-kommune og for å skape bulyst.

I kva grad ein kommune lukkast med stadutvikling (både sosial og fysisk) må bli sett i samanheng med både endogene og eksogene faktorar som sentralitet (geografi), grad av regional integrasjon (m.a. kor godt kommunen er integrert i bu-, teneste- og arbeidsmarknad), lokal og regional næringsstruktur (arbeidsplassar), demografi (tilflytting, fødselsoverskot, alder på innbyggjarar, osv.) og lokal human-kapital (lokale ressurspersonar, eldsjeler). Av desse faktorane er truleg grad av sentralitet den viktigaste einskildfaktoren (Damvad 2015, Vareide og Nygaard 2013; Grimsrud og

<sup>2</sup> Hansen, Jens Christian og Tor Selstad: Regional omstilling – strukturbestemt eller styrbar? Universitetsforlaget 1998.

<sup>3</sup> Damvad-rapport 25/06/15: Analyse av rasjonale for og innsats knyttet til lokal samfunnsutvikling innen regional- og distriktpolitikken. Delrapport 1.

Aure 2013), samstundes som også det kontekstuelle aspektet også vil vere viktig (Wiborg 2009), med andre ord vektlegginga av stad (place). For at verksemder, kunst- og kulturverksemder inkludert, skal velje å etablere seg på ein stad må visse lokaliseringvilkår vere til stades. I vår samanheng vil eksisterande fagmiljø og næringsvillig kommune vere nærliggande å tenke på, men også faktorar som natur og lokal kultur, og nærmarknader (Kvam er ikkje så langt frå Bergen).

## 1.6 Kunst og kultur som verkemiddel for samfunnsutvikling

### 1.6.1 Meirverdi av satsinga på kunst og kultur

I søknaden frå Kvam herad til Kommunal- og regionaldepartementet i 2013 om Kvammalokk Revisited, vart hovudmålsettinga uttrykt som følgjer: *Å skape meirverdi av den satsinga som har vore gjennomført dei seinare åra.*

Følgjande delmål vart sette opp:

1. synleggjere verdiskapinga i kunstfeltet
2. synleggjere og tilpasse kommunalt tilskot
3. auke kunnskapen om kunst blant folk
4. betre koordinering mellom aktørane
5. nettverksbygging og internasjonalisering
6. publikumsutvikling
7. fleire kunstopplevingar
8. nærings- og forretningsutvikling
9. samarbeid med reiseliv
10. auka merksemd rundt kunstskule og kunsttilbod i Kvam
11. ressursutnytting av mangfaldig kompetanse
12. samarbeid med skule og offentlege institusjonar

Vi tolkar dette som ein intensjon om å bygge vidare på dei satsingar innan kunst- og kulturfeltet som har funne stad i Kvam, og at Kvam herad ønskjer å få noko att for satsinga – at satsinga skal gi *meirverdi*. Kva som ligg i omgrepa «meirverdi» og «verdiskaping» er ikkje eksplisitt uttrykt og kan bli forstått både i økonomiske termar og som ikkje-økonomiske verdiar (kulturelle verdiar, eigenverdi, osv.). I økonomiske termar representerer meirverdi dei ekstra funksjonane til eit produkt, inntekter frå verksemd eller økonomisk velstand eit selskap genererer frå verksemda si. Kunst- og kulturverksemder kan på den eine sida drive økonomisk lønsamt og tene pengar på aktiviteten sin, samstundes som verksemder innan kunst- og kulturfeltet ved sine aktivitetar også kan medverke til å skape verdiar for samfunnet/ lokalsamfunnet i form av trivsel og engasjement.

I neste avsnitt peikar vi på korleis kunst og kultur både kan ha direkte og indirekte tyding for eit lokalsamfunn gjennom å trekke opp fire perspektiv på å sjå kultursektoren si tyding for næringsutvikling på. Kunst- og kultursatsinga i Kvam utgjør, når det kjem til stykket, eit verkemiddel for både auka folketal og for næringsutvikling.

### 1.6.2 Kunst og kultur kan både ha direkte og indirekte tyding for lokalsamfunnet

Kunst- og kultursektoren er ein lite homogen sektor som er sett saman av alt frå relativt store og tunge offentlege og ikkje-offentlege kulturinstitusjonar med mange tilsette og stor aktivitet, til

utøvande kunstnarane innan ulike kunstretningar. I tillegg omfattar kultursektoren også alle dei som arbeidar med ulike former underhaldning (som t.d. dei som tek mindre spelejobbar på utestadar) eller som tilbyr tenester retta inn mot kunst- og kultursektoren (som lydtenester. Dei fleste av dei som arbeidar innan kunst- og kultursektoren, det vere seg som kunstnar eller pubmusikar, har ikkje kunst eller musikk som viktigaste inntektskjelde. Omfanget av, og fordelinga av aktørkategoriar varierer sterkt mellom kommunane ved at faktorar som kommunestorleik, befolkningsamansetning, næringsstruktur og sentralitet (mellom anna med tanke på potensialet for tilreisande/besøkande).

Kunst- og kultur kan ha både direkte og indirekte tyding for det lokale næringslivet (Wiborg 2009) og for lokalsamfunnet. Bugge og Isaksen (2007, i Wiborg op.cit.) skil mellom fire måtar å sjå kultursektoren si tyding for næringsutvikling på:

- Næringsmessige ringverknader av kultur
- Kultur som næringsverksemd
- Kultur som innsatsfaktor i andre næringar
- Kultur som bustadkvalitetar og attraksjon for tilreisande

Dei fire perspektiva har fleire grenseflater og vil på mange måtar vere sterkt samanfletta. Reint analytisk kan det likevel vere greitt å skilje dei, men òg for å synleggjere at kunst- og kulturfeltet omfattar fleire sider som alle har potensiale til å generere ulike former for ringverknader.

Festivalar som Bygdalarm, Hardingtonar og Trebåtfestivalen er døme på kulturarrangement som har potensiale til å generere aktivitet som kjem det lokale næringslivet til gode, samstundes som dei også kan medverke til å sette Kvam på kartet og til å skape liv «mellom husa». Graden av økonomiske ringverknader av festivalar i distriktskommunar er i stor grad av avhengig av type festival og når på året han vert arrangert. Festivalar som trekker mykje tilreisande publikum gir i utgangspunktet meir økonomiske ringverknader enn festivalar med eit lokalt publikumsgrunnlag.

Hardanger fartøyvernssenter, men òg Kabuso til ein viss grad, kan stå som eit døme på *kultur som næringsverksemd*. Fartøyvernssenteret omfattar både fartøyvern og maritimt museum, og kan i dag vise til god økonomisk lønsemd.

*Kultur som innsatsfaktor* i andre næringar finn ein til dømes i reiselivsnæringa og opplevingsnæringar. For Kvam sin del kan det vere at ein gjer nytte av lokal kunst og kultur i reiselivsprodukt og i overnattingsverksemdar, til dømes gjennom å synleggjere Kunsthuset Kabuso for kunst- og musikkopplevingar av høg klasse, og Hardanger Fartøyvernssenter for opplevingar knytt til kystkultur og fartøyvern.

*Kultur som bustadkvalitetar og attraksjon for tilreisande* omfattar på sett og vis dei tre andre punkta gjennom at ein her ser kultur som identitets-skapar og som innsatsfaktor i stadutvikling. Gjennom å satse på å leggje til rette for kunst og kultur i lokalsamfunnet ønskjer ein å gjere det trivelegare å bu på staden, samstundes som ein ønskjer å gjere staden meir attraktiv for besøk – og tilflytting.

## 1.7 Kunst- og kulturfeltet

Skiljet mellom «kunst» og «kultur» er på mange måtar kunstig av di kunstfeltet, slik vi ser det, inngår i det større omgrepet «kultur». Eit slikt skilje kan likevel vere fornuftig med tanke på å skilje mellom

utøvande kunstnarar og institusjonar som primært driv med kunstformidling på den eine sida, og kulturarbeidarar innan offentleg og privat verksemd som ikkje driv med «kunst», samt kulturinstitusjonar som museum og bibliotek, på den annen side. Utøvarar innan underhaldningsbransjen vil også høyre inn under det store og omfattande kulturomgrepet.

Selskap innan kunst- og kulturfeltet vil i hovudsak vere registerert Føretaksregisteret/Einingsresteret under næringskode 90.000. Denne koden omfattar også utøvarar som truleg reknar seg meir som underhaldningsartistar enn som kunstnarar, men som like fullt driv med kulturformidling. Dette kjem vi attende til i kapitel 3.

## 1.8 Gjennomføring

### *Metodiske grep*

Det metodiske hovudgrepet er kvalitativt med av intervju med nøkkelpersonar og bruk av skriftlege kjelder, samstundes som økonomisk ringverknadsanalyse har gitt oss eit omgrepsapparat og ei analytisk ramme for arbeidet. Det økonomiske perspektivet er viktig for å forstå korleis aktivitetar innan kultursektoren gir ringverknader utover eigen sektor. Økonomisk ringverknadsanalyse inngår ikkje som del av gjennomføringa, men dannar den analytiske ramma kring undersøkinga. Informasjonsgrunnlaget er basert på intervju med nøkkelinformantar, oppgjevne nøkkeltal frå aktørar, publikumsundersøking frå Bygdalarm 2012, medieomtale, årsrapportar, statistikk frå SSB og Brønnoysundregistra.

### *Nøkkelinformantar*

Ein vesentleg del av informasjonsgrunnlaget er henta gjennom samtalar med representantar for institusjonar knytt til kunst- og kultursektoren i Kvam. Desse informantane har også gitt oss skrifteleg dokumentasjon. Det er gjennomført samtalar med representantar frå følgjande institusjonar: Kunsthuset Kabuso, Kunstnarhuset Messen, Harding Puls og Galleri Puls, Hardanger Fartøyvernssenter, Hardanger Trebåtfestival og Bygdalarm. I tillegg har vi hatt samtale med dagleg leiar av Kvam næringsråd, samt samfunns- og utviklingsjef og næringsssjefen (leiar for næring) i Kvam herad.

Grunna den stramme tidsramma og økonomiske ramma, har vi måtte avgrense talet på intervju/ samtalar. Det var av den grunn viktig at det vart etablert kontakt med informantar som hadde tilstrekkeleg innsikt og perspektiv til å gje oss den informasjonen vi trong. Samtalane vart gjennomførte både som gruppesamtalar og som samtalar på tomannshand. Ein samtale var gjort over telefon, dei andre vart gjennomførte in situ i Norheimsund og Øystese. Informasjon frå samtalane er blitt supplert med talmateriale frå SSB, årsrapportar og andre dokument. Samtalane er blitt gjennomførte i august og september 2016.

### *Statistikk frå SSB*

Det er blitt nytta statistikk over demografisk utvikling, næringsutvikling og økonomiske tilhøve knytt til kulturføremål frå SSB/KOSTRA som grunnlag for jamføring av utviklinga i Kvam med samanliknbare kommunar (kontrollkommunar, sjå under). Dei valte parameterane har blitt nytta som indikatorar for å vurdere samfunns- og næringsutvikling i perioden frå 2006 til 2015/16.

### *Økonomiske nøkkeltal*

Sidan kunst- og kulturverksemdene i Kvam for det meste er sett saman av små einskildføretak som ikkje rapporterer inn til Brønnoysundregistra, vil vi ikkje kunne nytte nøkkeltal henta frå

Einingsregisteret (via databasen Ravninfo) som grunnlag. Databasen har likevel registrert kunst- og kulturføretak i Kvam utan data og vi har såleis kunne nytte denne for å identifisere verksemder innan sektoren.

## 2 Utviklingstrekk

*Dersom trua på kunst- og kultur som verkemedel for å gjere stader attraktive stemmer, bør ein også vente at kommunar som set i verk ei slik satsing òg vil oppleve auka tilflytting, fleire besøkande (turistar), ein vekst i det lokale næringslivet – og fleire innovative og kreative aktivitetar i kommunen.*


*For å få ein indikasjon på kunst- og kultur si tyding for samfunns- og næringsutvikling i Kvam, har vi valt ut fire kontrollkommunar med folketal om lag som Kvam, men som ikkje har hatt den same tydelege satsing på kunst og kultur som verkemedel for lokal samfunnsutvikling som Kvam har hatt. Samtlege kommunar er distriktkommunar på Vestlandet. Metoden er sjølvstendig usikker og kan vere diskutabel av di det kan vere andre tilhøve som ikkje vert fanga opp som kan ha avgjerande tyding for utviklinga i både Kvam og kontrollkommunane. Jamføringa må såleis tolkast med stor varsemd, samtidig som metoden kan gje nyttig informasjon. Samanlikningsperioden var frå 2006 og fram til 2015/16. Kvammalokk vart etablert i 2007 og Kvammalokk Revisited i 2013.*

### 2.1 Bruk av kontrollkommunar

Følgjande fire kommunar vart valde som kontrollkommunar:


- Vindafjord (Rogaland): 8788 innbyggjarar
- Odda (Regionsenter, Indre Hardanger): 6930 innbyggjarar
- Osterøy (Nordhordland): 7957 innbyggjarar
- Sogndal (Regionsenter, Sogn): 7839 innbyggjarar

Dei fire kommunane har hatt ulik demografisk utvikling i lengre tid; Odda har negativ folketalsutvikling gjennom fleire 10-år, medan Vindafjord, Osterøy og Sogndal har hatt ei tilsvarende positiv utvikling. Kvam har sidan 2008 hatt ein liten folketalsauke, men denne har no flata ut og er på veg nedover att. Innvandring (både arbeidsinnvandring og flyktningar) er viktig for alle kommunane.



Figur 2.1 Folketalsutvikling i Kvam og kontrollkommunane 2006-2016. Kjelde: SSB

## 2.2 Demografiske utviklingstrekk



### Folketalsutvikling 2006-2016 per 1.januar


Kvam har i perioden hatt svakare folketalsutvikling enn Vindafjord, Osterøy og Sogndal. Odda, det andre regionsenteret i Hardanger, har hatt svakare utvikling. Utan arbeidinnvandring og flyktningar ville utviklinga vore negativ i samtlige kommunar.

Indikerar at kunst-og kultursatsinga ikkje gir tilflytting av betydning.

### Fødselsoverskot 2006 – 2015

Fødselsoverskot er ein viktig indikator på ein bere-kraftig demografisk utvikling. Fødselsoverskotet i Kvam har skifta mellom negativt og positivt i perioden. Jmført med Vindafjord, Osterøy og Sogndal har Kvam eit dårlegare demografisk utgangspunkt; det blir fødd for få born i kommunen. Odda har hatt negativt fødselsoverskot i heile perioden.


Indikerar at det er for få personar reprodutivt alder i Kvam. Dette er uheldig på sikt.



### Nettoflytting 2006 – 2015

Grafen viser at Kvam i perioden har hatt to toppar; i 2008 (året etter Kvammalokk starta) og i 2011. Sidan 2013 har fleire flytta ut enn inn til kommunen. I 2008 kom det eit tiltals kunstnarar til Kvam som direkte følgje av Kvammalokk. I 2011og 2012 tok både arbeidsinnvandring frå utlandet og flyktning-tilstrømming til for alvor, og fekk følgjer for tilflytting til mange kommunar på Vestlandet. Også Kvam, Vindafjord, Osterøy og Sogndal.

Indikerar at det er globale utviklingstrekk framfor lokale tiltak som sørgjer for nettoinnflytting til Kvam i perioden.




### Folketilvekst 2006 – 2015

Folketilveksten i Kvam var positiv frå 2008 til 2012, men har vore negativ sidan 2014. I 2015 var han nesten på same nivå som i 2006. Vindafjord, Osterøy og Sogndal har alle hatt positiv tilvekst sidan 2008. Odda har hatt negativ utvikling med unntak av 2012 og 2013.


For Kvam sin del skuldast dette i hovudsak utflytting av arbeidssinnvandrere og førre nye flyktningar.

Indikerar at det er globale utviklingstrekk framfor lokale tiltak som sørgjer for nettoinnflytting til Kvam i perioden.



Figur 2.2 Demografiske utviklingstrekk. Kjelde: SSB

Som det går fram av tabell 2.1 har ikkje Kvam hatt ei betre demografisk utvikling enn Vindafjord, Osterøy og Sogndal, men ein langt betre utvikling enn naboen lengre inne i Hardangerfjorden – Odda. Vi skal vere varsame med å trekke for bastante konklusjonar ut frå denne samanlikninga, med tala stør ikkje opp om at satsing på kunst- og kultursektoren har gitt tilflytting til Kvam. Både tre av kontrollkommunane og mange andre distriktskommunar hadde vekst i denne perioden utan at dei hadde sett i verk tilsvarande satsing (intervensjon) som Kvam. Rettnok kom det ei kraftig tilflytting til Kvam i 2008, året etter Kvammalokk, som til ein viss grad må tilskrivast initiativet frå kommunen. Mange av tilflyttarane kom frå Nederland. Men, som det går fram av grafen under, var innvandringa frå utlandet dette året som for dei neste åra frametter, større enn talet på utanlandske (og andre tilflytta) kunstnarar. Den innanlandske nettoinnflyttinga har med eit lite unntak i 2008 i heile perioden vore negativ. Tilflyttinga til Kvam skuldast med andre ord snarare arbeidsmarknadssituasjonen i Noreg og i Europa (det kom flest arbeidsinnvandrarar frå Polen og Litauen) og krigar rundt om i verda som førte til store flyktningstraumar til Europa og Noreg. Etter 2011 har nettoinnvandringa blitt kraftig redusert og nettoinnflyttinga viste minus i 2013. Dette går fram av grafen i figur 2.3.




Figur 2.3 Nettoinnflytting, netto innalands innflytting, og nettoinnvandring. Kjelde: SSB

## 2.3 Økonomiske utviklingstrekk

Det å finne gode indikatorar på følgjer av kommunens satsing på kunst og kultur som verkemiddel i for å oppnå ein god samfunnsutvikling, er vanskeleg. Det er i det heile vanskeleg å måle effektar av kunst- og kultursatsing i kroner og øre. Vi har valt ut nokre nøkkeltal frå Kostra som er viste og kort kommentert i tabell 2.4. Det er problematisk å slutte frå kommunale utgiftspostar til kultursektoren kva dette tyder for til dømes dei mange kunstnarane som lever og verkar i kommunen. Tala seier likevel noko om ambisjonsnivået til Kvam herad når det gjeld offentlege kulturtilbod. Slik vi tolkar tala har innsatsen vore på landssnittet når det gjeld del av netto driftsutgifter til kultursektorar, men relativt høgt når det gjeld driftsutgifter per innbyggjar. Kvam ligg likevel langt etter Odda når det kjem til driftsutgifter per innbyggjar, men godt framfor det dynamiske Regionsenteret Sogndal.


Omsetninga per innbyggjar for detaljhandel er heller låg i Kvam, og serleg med tanke på at Kvam også er regionsenter. Det kan tyde på at mange i kommunen reiser ut av kommunen for å handle, og/eller for få besøker kommunen for å legge att pengar – til dømes på kulturarrangement.



### Omsetning per innbygger detaljhandel

Omsetning per innbygger viser kommunen si stilling som handelssenter. Omsetninga i Kvam har auka i perioden, til liks med utviklinga i dei andre kommunane (Osterøy mindre enn dei andre). Utviklinga ligg likevel under landsnittet og er lågare enn venta for eit regionsenter. Kvam (Norheimsund og Øystese) har handelslekkasje (truleg til Bergen).


Indikerer at Kvam slit med funksjonen som regionsenter.



### Netto driftsutgifter kultursektoren i prosent av kommunens totale netto driftsutgifter

Kvam sine driftsutgifter til kultursektoren ligg om lag på landsnittet. Det er ingen nødvendig samanheng mellom driftsutgifter til kultursektoren og kvalitet eller omfang på kulturtilbodet i kommunen.


Indikerer at Kvam har «normale» driftsutgifter til kulturføremål i høve til kommunens totale netto driftsutgifter.



### Netto driftsutgifter for kultursektoren per innbygger i kroner, konsern

Kvam har høgare driftsutgifter til kultursektoren enn Vindafjord, Osterøy og Sogndal, men langt lågare utgifter enn Odda. Driftsutgifter omfattar mellom anna lønskostnader. Dei høge driftsutgiftene kan tolkast som om kommunen tar kultur på alvor, men som nemnt er det ingen nødvendig samanheng mellom driftsutgifter til kultur og kvalitet eller omfang på kulturtilbodet i kommunen.

Indikerar varsamt at Kvam har ein høvesvis stor offentleg kultursektor.



### Brutto investeringsutgifter til kultursektoren per innbygger, konsern

Kommunens brutto investeringsutgifter varierer frå år til år (i motsetning til driftsutgiftene som er meir stabile). Investeringsutgifter er som regel i anlegg og bygningsmasse. Vi tar med investeringsutgifter for å vise skilnader mellom dei fem kommunane i perioden. Grafen viser at Kvam i 2015 hadde ein stor investering som slår kraftig ut i diagrammet. I 2009 var til samanlikning investeringsutgiftene heller små.

Figur 2.4 Økonomiske utviklingstrekk 2008-2015. Kjelde: SSB

## 2.4 Utviklingstrekk innan kunst- og kultursektoren

### 2.4.1 Vekst i tal sysselsette innan kunst- og kultursektoren i Kvam

Når vi samanliknar talet på sysselsette i åra 2008, 2011 og 2015 innan *kunstarisk verksemd og underhaldning* (næringskode 90) og bibliotek, musé og anna kulturverksemd (næringskode 91), finn vi at Kvam skil seg markant frå Odda, Osterøy og Sogndal (Vindafjord har ingen data på dette området). Kvam har fem fleire sysselsette innan kunstnarisk verksemd og underhaldning i 2015 enn i 2008, medan dei andre kommunane har færre sysselsette eller ingen endring.


Når det gjeld sysselsette innan bibliotek, musé og anna kulturverksemd hadde Kvam i 2008 det lågaste talet av dei fire kommunane med 13 sysselsette. I 2015 hadde Kvam flest sysselsette av dei fire med 33, ein auke på 20 personar. Odda hadde 11 færre sysselsette, Osterøy like mange og Sogndal hadde 9 fleire. Dette går fram av tabell 2.1.

Tabell 2.1 Sysselsette innan kunst- og kulturfeltet i Kvam og kontrollkommunar. Kjelde: SSB

	Sysselsette							
	90 Kunstnarisk verksemd og underhaldning				91 Bibliotek, musé o.a. kulturverksemd			
	2008	2011	2015	Endring	2008	2011	2015	Endring
<b>Odda</b>	2	2	2	0	26	20	15	-11
<b>Kvam</b>	13	12	18	5	13	14	33	20
<b>Osterøy</b>	8	12	7	-1	18	18	18	0
<b>Sogndal</b>	11	5	7	-4	18	22	27	9
<b>Vindafjord har ingen data.</b>								

Det er nærliggande å tolke denne utviklinga som ei følge av Kvam herad si satsing på kunst- og kultur frå 2007 og framover mot i dag. Det kan sjølvstøtt også vere andre medverkande årsaker, men sett opp mot utviklinga i dei fire andre kommunane er det grunn til å tru at medviten satsing frå kommunen si side i alle fall er ein sterk medverkande årsak til at Kvam skil seg markant ut frå dei andre kommunane.

### 2.4.2 Fleire verksemdar under «Kunstnarisk verksemd og underhaldningsverksemd»



Både Odda, Kvam, Osterøy og Sogndal har hatt ein vekst i verksemdar under «Kunstnarisk verksemd og underhaldningsverksemd» frå 2009 til 2016. Veksten har vore størst i Osterøy med 58 prosent. I Kvam var auken på 56 prosent.


Figur 2.5 Kunstnariske verksemdar og underhaldningsverksemdar. Kjelde: SSB

## 2.5 Utviklingstrekk sysselsetting i Kvam

Kvam hadde i 2015 i alt 312 færre sysselsette enn i 2008. Den største reduksjonen har vore innan industri med 152 færre sysselsette, handel med 132 færre sysselsette, og diverse forretningsmessig tenesteyting med 113 færre sysselsatte. Kunst og kultur<sup>4</sup> er blant vinnarane med 25 fleire sysselsette i 2015 enn i 2008 – og i 2011 (sjå også tabell 2.1). Andre vinnarar er bygg og anlegg, bergverk og innan kva vi har kalla diverse kompetansestillingar som omfattar arkitektar/tekniske konsulentar, og forskning og utviklingsarbeid. Dette er vist i tabell 2.2. Figur 2.6 illustrerer vinnarar og taparar med omsyn til sysselsetting.

Tabell 2.2 Tal sysselsette i Kvam 2008, 2011 og 2015. Kjelde: SSB

Næringsgruppe	2008	2011	2015	Endring
<b>Primærnæringer</b>	332	302	283	<b>-49</b>
Bergverk	150	177	192	<b>42</b>
<b>Industri</b>	676	543	524	<b>-152</b>
Div.rep., miljø	<b>73</b>	<b>80</b>	<b>67</b>	<b>-6</b>
<b>Oppf.bygn., anleggsverks.</b>	<b>331</b>	<b>378</b>	<b>429</b>	<b>98</b>
Handel	573	559	441	<b>-132</b>
Transport	251	229	228	<b>-23</b>
Overnatting, servering	131	171	115	<b>-16</b>
Forlag, film, musikk	12	8	9	<b>-3</b>
IT, finans, fast eiendom...	109	135	101	<b>-8</b>
Div.kompetanse	69	70	79	<b>10</b>
Div.for.tenesteyting	190	83	77	<b>-113</b>
Kunst og kultur	26	26	51	<b>25</b>
Diverse	106	98	121	<b>15</b>
<b>TOTALT</b>	<b>3029</b>	<b>2859</b>	<b>2717</b>	<b>-312</b>



Figur 2.6 Vinnarar og taparar med omsyn til sysselsetting i Kvam 2008 – 2015. Kjelde: SSB

<sup>4</sup> Omfattar «90 Kunstnerisk virks. og underholdning» og «91 Bibliotek, muséer o.a. kulturvirksomhet».


### 3 Kunst- og kultursektoren i Kvam

Kapitlet presenterer ei oversikt over kunst- og kultursektoren i Kvam. Oversikta er basert på tilgjengelege register, medlemslister og oversikter over einskildpersonar, institusjonar og organisasjonar som fell inn under kva vi har definert som kunst- og kultursektoren. Oversikta har av den grunn ikkje ambisjonar om å vere uttømmande, men vi vil tru vi har greidd å fange opp dei fleste aktørar innan sektoren. Idrettslag og kommunale kulturføretak (som Kulturskulen) vert ikkje omfatta av kartlegginga.

#### 3.1 Kunst- og kultursektoren i høve til andre sektorar

Ved å jamføre tal verksemder innan kva vi har definert som kreative næringer<sup>5</sup> - der verksemder innan kunst- og kulturfeltet inngår, med eit utval andre næringsgrupper i perioden 2009 til 2016, får vi eit bilete av omfanget av kunst- og kultursektoren i Kvam i perioden. Dette er vist i figur 3.1. Figuren gir også eit bilete av næringsstrukturen i Kvam. Detaljhandel har klart flest verksemder når vi ser bort frå landbruk (primærnæringer), til tross for at talet på sysselsette innan handel har blitt færre i perioden.

I 2009 var det 24 registrerte verksemder innan kreative næringer. I 2016 var det 41 verksemder. I 2010 og 2011 låg talet på vel 30 verksemder, for så å gjere eit stort sprang i 2015 til 38 verksemder. Vi har ikkje samla opplysningar om kva slag verksemder innan næringa som veks mest, heller ikkje på storleiken av desse. Dei fleste andre næringer har også hatt vekst i perioden (men med eit klart unntak i landbruk som har mista mange einingar i perioden). Verksemder innan produksjon av ulike produkt opplevde ein nedgang i tal verksemder frå 2010 til 2015, men i 2016 har det kome nokre nye til slik at talet no er opppe i 45 verksemder.




Figur 3.1 Utvikling i utvalde næringer i Kvam 2009 – 2016. Tal verksemder. Kjelde: SSB

Dersom vi berre ser på aktørar registrert under «Kunstnarisk verksemd og underhaldningsverksemd» vert talet aktørar sterkt redusert. I følge SSB var det såleis både i 2015 og 2016 18 verksemder. Figur

<sup>5</sup> Næringsgruppene (SSB): 58 Forlagsverksemd, 59 Film-, video- og fjernsynsprogramproduksjon, utgjeving av musikk- og lydopptak, 90 Kunstnarisk verksemd og underholdningsverksemd, og 91 Drift av bibliotek, arkiv, musé og annan kulturverksemd.

3.2 viser at det har vore ein høvesvis sterk vekst i talet på aktørar i perioden frå 2009 fram til i dag, men at det har gått i bølgedalar



Figur 3.2 Tal verksemd registrert som kunstnarisk verksemd og underholdningsverksemd 2009-2016. Kjelde: SSB

## 3.2 Mange einskildføretak

Kunst- og kultursektoren i Kvam kan i grove trekk delast inn i heilårsverksemd som Messen, Kabuso og Fartøyvernssenteret, prosjektbaserte tiltak som «Mellom Himmel og Fjord» (Harding Puls) og «events» som Bygdalarm og andre festivalar i kommunen. I tillegg til dette kjem to grupper; dei mange utøvande kunstnarane og musikarane busette i Kvam som driv med sine egne prosjekt, og kulturarbeidarar som er tilsette i offentlege verksemd som bibliotek eller kulturskule og andre stader.

Kartlegginga viser at kunst- og kultursektoren i Kvam er mangfaldig og omfattar både einskildpersonar, kunstnarnettverk og små og store kunst- og kulturinstitusjonar. Kartlegginga omfattar med andre ord kunstnarisk aktivitet i vid forstand. Vi har ikkje skilt mellom «underholdning» og «kunst», eller mellom utøvande kunstnarar/musikarar og selskap som driv med t.d. støttefunksjonar som utleige av lyd til kulturarrangement.

Ved å gå gjennom registrerte selskap i Einingsregisteret innan kunst- og kulturfeltet i Kvam (sjå ramme) fann vi 44 einskildføretak og eitt AS. Vi reknar dette som 45 personar innan feltet kunst- og kultur. Dei fleste er kunstnarar som arbeidar med kunstnarisk verksemd innan *visuell kunst* (17). Den nest største kategorien er utøvande kunstnarar og underholdningsverksemd innan *musikk* (11), følgd av kategorien kunstnarisk verksemd innan *litteratur* (6). Oversikten er vist i tabell 2.1. Verken Hardanger Fartøyvernssenter eller Kunsthuset Kabuso inngår i denne oversikten sidan begge høyrer til Hardanger og Voss Museum som ikkje er registrert i Kvam. Heller ikkje Kunstnarhuset Messen eller kommunale kulturinstitusjonar og føretak er med i tabell 3.1.

Tabell 3.1 Selskap innan kunst- og kulturfeltet i Kvam registrert i Einingsregisteret. 2015???

Næringsgruppering	Selskap med adresse Kvam
90011 UTØVENDE KUNSTNERE OG UNDERHOLDNINGSVIRKSOMHET INNEN MUSIKK	11 ENK
90020 TJENESTER TILKNYTTET UNDERHOLDNINGSVIRKSOMHET	2 ENK, 1 AS
90031 SELVSTENDIG KUNSTNERISK VIRKSOMHET INNEN VISUELL KUNST	17 ENK
90032 SELVSTENDIG KUNSTNERISK VIRKSOMHET INNEN MUSIKK	2 ENK
90034 SELVSTENDIG KUNSTNERISK VIRKSOMHET INNEN LITTERATUR	6 ENK
90039 SELVSTENDIG KUNSTNERISK VIRKSOMHET IKKE NEVNT ANNET STED	1 ENK
91029 DRIFT AV MUSEER IKKE NEVNT ANNET STED	2 ENK
Selskap knytt til utleige, produksjon og agenturhandel	3 ENK
<b>Totalt</b>	<b>44 ENK, 1 AS</b>

Kjelde: Einingsregisteret og Ravninfo.

Sidan ikkje alle aktørane innan kunst- og kulturfeltet har registrert verksemda si som selskap i Einingsregisteret, er talet aktørar innan feltet høgare enn det som kjem fram i tabell 3.1. Ein indikasjon på dette finn ein ved å sjå på medlemsoversikten i Harding Puls som omfattar medlemmer som ikkje står oppført i Einingsregisteret med adresse Kvam, eller som ikkje har registrert verksemda si som selskap. Vi talde her ni medlemmer som ikkje inngår i tabell 3.1. Eit forsiktig estimat tilseier at det kan vere omlag 50 personar i Kvam som er meir eller mindre aktive innan kunst- og kulturfeltet i dag. Det er god grunn til å tru at ein stor del av desse også har anna arbeid ved sida av kunst- og kulturaktiviteten.

Tidlegare studiar (t.d. Ryssevick og Grindheim, 2007) har vist at det ikkje er uvanleg at einskildføretak i kunst- og kultursektoren har liten eller ingen aktivitet. I mange høve utgjør dei berre ein sideaktivitet for han eller ho som eig selskapet av di dei i mange høve kan vere tilsett eller vere registrert i eit større selskap innanfor kultursektoren.

Vi har ikkje oversikt over økonomiske tilhøve knytt til einskildverksemdar innan kunst- og kultursektoren sidan dei aller fleste verksemdar/aktørar er einskildmannsføretak og såleis ikkje meldepliktig til Brønnøysundregistra. (Kommunale kulturverksemdar som Kulturskule inngår i kommunen sitt konsernrekneskap og er ikkje registrert i Ravninfo.) Det er vidare god grunn til å tru at ein stor del av dei som er registrerte som selskap innan kunst- og kulturfeltet har anna lønsinntekt ved sida av.

### 3.3 Musé, kunsthus, nettverk og festivalar

Tabell 3.2 gir ei oversikt over dei største aktørane innan kunst- og kulturfeltet i Kvam slik situasjonen var i 2015-2016. Einskildføretak inngår ikkje i oversikten (jf. tab.3.1). Oversikten er truleg ikkje uttømmende, men omfattar dei største eller mest kjende kunst- og kulturverksemdene i kommunen. Offentlege institusjonar som bibliotek og Kulturskulen, samt private lag og foreiningar innan kunst, kultur og musikk (t.d. musikkorps og bygdemuseum) er heller ikkje rekna med. Hardanger fartøyvernsenter og Kunsthuset Kabuso er stiftingar under Hardanger og Voss Museum, medan dei andre er eigne stiftingar eller lag. Den største aktøren innan kultursektoren i Kvam er Hardanger fartøyvernsenter, medan Kunsthuset Kabuso er den største aktøren innafor kunst-feltet.

Tabell 3.2 Musé, nettverk og festivalar i Kvam 2015-2016 – ikkje einskildføretak.

Aktør		Fokus	Fast tilsette
<b>Hardanger fartøyvern-senter.* Norheimsund</b>	Museum og fartøyvern. Nasjonalt fartøyvern-senter for trebåtar	Kystkultur. Fartøyvern. Formidling.	31 (37 i 2016)
<b>Kunsthuset Kabuso* Øystese</b>	Konsertar, kunstutstilling	Visuell kunst Konsertar. Formidling.	5 (2016) 3,5 årsverk
<b>Kunstarhuset Messen Ålvik</b>	Kunstnarhus, atelier	Møtestad og arbeidsplass for kunstnarar	2 (2016) 0,6 årsverk
<b>Harding Puls Kvam/Hardanger</b>	Prosjektbasert kunstaktør og nettverksorg	Nettverksorg. for kunstnarar	Ingen. Dagleg leiar leigd inn på timebasis
<b>Bygdalarm Øystese</b>	Musikkfestival retta mot lokalt og tilreisande publikum.	Rock, pop, etc.	Ingen. Frivillige og dugnadsbasert.
<b>Hardanger Trebåtfestival Norheimsund</b>	Trebåtfestival retta mot lokalt og tilreisande publikum. Medlemsorganisasjon.	Kystkultur og trebåtar.	Ingen. Frivillige og dugnadsbasert.
<b>Hardingtonar Norheimsund/Øystese</b>	Musikkfestival retta mot lokalt og tilreisande publikum.	Musikkfestival. Geir Tveitt sin musikk. Hovudvekt på klassisk musikk.	Ingen. Frivillige og dugnadsbasert.
<b>Ålvik Rock Ålvik</b>	Småskalafestival retta mot lokalt publikum	Lokal hardrock- festival i Ålvik	Ingen. Frivillige og dugnads-basert.
<b>Hardanger frukt- og siderfestival. Øystese</b>	Småskalafestival. Næringsbasert kultur- aktivitet retta mot eit lokalt og regionalt publikum	Mat- og drikke- festival med utg.pkt. eple frå Hardanger.	Ingen. Frivillige og dugnads-basert.
<b>Kinck-dagane Strandbarn</b>	Småskalafestival retta mot eit lokalt og regionalt publikum	Forfattaren Hans E.Kinck	Ingen. Frivillige og dugnads-basert.

\*)Hardangar Fartøyvern-senter og Kunsthuset Kabuso ligg under stiftinga Hardanger og Voss Museum.

<sup>1</sup>) 2015

### *Hardanger Fartøyvernssenter*

Hardanger Fartøyvernssenter i Norheimsund utgjør den største eininga i Hardanger og Voss Museum, og er den største kulturinstitusjonen i Kvam med 37 tilsette (inkludert stab knytt til Voss og Hardanger Museum) i 2016. I 2015 hadde senteret 31 fast tilsette, og eit driftsresultat på 3,4 millionar kroner. Senteret omfattar ein fartøyvernavdeling og ein museumsdel (maritimt museum). Det er fartøyvernavdelinga som står for den klart største delen av omsetninga. I 2015 var det vel 15.000 besøkande til senteret, ei auke i høve til i 2014 då det var i underkant av 14.000 besøkande.

	Driftsinntekter	Driftskostnader	Driftsresultat
<b>Hardanger Fartøyvernssenter</b>	30.601 mill.kr	27.164 mill.kr	3.437 mill.kr

Fartøyvernavdelinga, som mellom anna driv med restaurering og nybygging av skip, er ein kommersiell aktør på den måten at dei tek del i anbodskonkurransar og er i konkurranse med andre verft om oppdrag. Avdelinga har samstundes oppdrag frå Riksantikvaren med dokumentasjon av restaureringsprosess på verna fartøy (10 % driftstilskot). Ein viktig del av oppgåvene til senteret er vidare å formidle handverkartradisjon via kurs (t.d. gaffelriggseminar) og formidling av einskildprosjekt. Museumsdelen driv med forskning, forvaltning og formidling av handlingsboren kunnskap, men har òg levande verkstader med tema som reipslaging, småbåtbygging og drift av hardangerjakta Mathilde (leirskule og museumstokt). Museet har vidare ansvar for fire museumsfartøy, og driftar kafé og tilbyr kurs.

### *Kunsthuset Kabuso*

Kunsthuset Kabuso vart etablert i 2006 og er del av Hardanger og Voss museum og nabo til Ingebrigt Vik Museum. Kabuso blei vald til Hordalands tusenårsstad og skal vere eit senter for profesjonelle kunst- og kulturuttrykk. I tillegg har huset ein særleg god kammermusikk sal som vert hyppig nytta gjennom heile året. Kabuso arrangerer årleg om lag 25 konsertar innan ulike genrar med både lokale og tilreisande musikarar, og seks utstillingar. I 2015 var det om lag 11000 besøkande. Det vert no satsa på eigenutstillingar som skal trekke publikum til bygda. Til det har dei mellom anna fått med seg den amerikanske lyskunstnaren James Turrell, kanskje mest kjent frå utstilling i Guggenheim Museum i New York. Det siste tilskotet til kunsthuset er Hardanger Skyspace av James Turrell som vart innvia 23.september 2016.

Kunsthuset driv i tillegg med formidling av kunst og kultur, og samarbeider med Den kulturelle skulesekken og Den kulturelle spaserstokken. Kabuso legg vekt på å nå ut til breie lag av folket. Kabuso har utstillande kunstnarar og musikarar frå heile verda, frå heile landet og frå Kvam og regionen.

Kabuso, inkludert Ingebrigt Vik museet, har i dag fem stillingar fordelt på 3,5 årsverk.

### *Kunstnarhuset Messen*

Kunstnarhuset Messen var opphavleg administrasjonsbygning for industrien i Ålvik, men blei for noen år sidan gjort om til kunstnarhus for tilreisande og lokale kunstnarar. Ein av pådrivarane for å få til eit slikt kunstnarhus i Kvam var det tverrfaglege kunstforumet Harding Puls (sjå under).

Messen er i dag del av eit verdsomspennande nettverk av kunsthus byr på Artist in Residence der ein tilbyr gjestekunstnaropphald for norske og internasjonale kunstnarar frå alle kunstdisiplinar.

Gjestekunstnaropphald kan vare opp til 3 månader. Messen har hatt rundt 40 kunstnarar frå heile verda på besøk kvart år dei siste åra.

Kunstnarhuset har også vertskap (to kunstnarar) i huset som bur og arbeider i huset. Forutan vertskap, har Messen tilsett ein dagleg leiar. Til saman utgjer dei to stillingane 0,6 årsverk.

Messen arbeidar mykje ut mot skuleelevar. Elevane får prøve seg som kunstnarar. Her har dei mellom anna fokus på arbeidsprosessar, teknikkar og liknande. Dagleg leiar, Stig Lundblad-Sandbekk trur dette er viktig arbeid som kan få stor innverknad på elevane sine haldningar seinare i livet. Han meiner også desse besøka er viktige med omsyn til omdømebygging.

#### *Harding Puls og Galleri Puls*

Harding Puls vart stifta i 1993 og er Hardanger sitt tverrfaglege kunstnarforum. Ei stor gruppe kunstnarar og kulturformidlarar er representerte i forumet. Harding Puls arbeidar profesjonelt på mange nivå i det lokale, regionale, nasjonale og internasjonale kulturlivet. Fellesnemnaren for medlemene er tilknytninga til Hardanger, anten ved at ein bur og arbeidar i regionen, eller at ein har hatt oppveksten sin der. Harding Puls har i dag mellom 70 og 80 medlemmar. Harding Puls er ein prosjektbasert organisasjon; det største dei siste åra er landskapskunst-prosjektet «Mellom himmel og fjord»<sup>6</sup> (sjå kap.4.2.3).

Solfrid Aksnes i Harding Puls, fortel at det er eit aktivt kunstmiljø i Kvam, utflytta kunstnarar flytter attende grunna godt miljø og gode utviklingsmoglegheiter. Også kunstnarar frå andre deler av landet har flytta til kommunen. Eit argument er at i Kvam blir du synleg og blir tatt vel i mot, i Oslo og andre større byar blir du ein av mange og blir lett usynleg. Dette skjer uavhengig av det som skjer i regi av Messen. Harding Puls medverkar også til å gjere Kvam og Hardanger kjent utanfor kommunegrensene gjennom utstillingar og konsertar av kunstarforumet sine medlemmar.

Galleri Puls i Norheimsund er eit eige prosjekt med sjølvstendig økonomi. Galleriet har om mål å vise og formidle interessant kunstutstillingar, samstundes gje kunstnarane ein arena for sal (jf. kap.4.2.3).

#### *Bygdalarm*

Bygdalarm er ein norsk populærmusikkfestival i Øystese, Hardanger. Festivalen vart for første gang skipa i 2007, og har sidan fram mot 2016 vore ei årleg hending. Etter festivalen i 2016 vart det vedteke at Bygdalarm skal i tenkeboksen for å vurdere framtida. Under Bygdalarmparaplyen vert det også arrangert småfestivalar som Jolalarm og Påskelarm og festivalelement som triatlon-konkurransen Lurkalarm, komponistkonkurransen Littlarm og barnekonserterane Badnalarm.

I kapitel 4.2.1 vil vi vise lokale økonomiske ringverknadar av Bygdalarm estimert på bakgrunn av ei publikumsundersøking ideas2evidence gjennomførte i 2012.

#### *Hardanger Trebåtfestival*

Hardanger Trebåtfestival BA vart skipa i 1998 for å auka interessa for trebåtar og trebåtbyggjarfaget. Det har i ettertid vore halde årlege festivalar i juni. Festivalen si målgruppe er alle som er interessert i trebåtar, trebåtbyggjarfaget og kystkultur generelt. I følgje festivalsjef og primus motor Geir Madsen kjem festivaldeltakarane i første rekkje frå Kvam og nærliggjande område. Festivalen har i alle år køyrd parallelt med Hardingtonar.

---

<sup>6</sup> <http://kunstlandskap.no>

Festivalen er dugnadsbasert, i 2014 var det til dømes 80 frivillige medarbeidarar. Sentrale personar i festivalen er tilsette på Fartøyvernssenteret og kan kombinere festivalarbeid med relevant senterarbeid. Fartøyvernssenteret er, i følgje Madsen, avgjerande for festivalen med indirekte støtte ved at festivalen kan bruke litt arbeidstid inn mot planlegging og drift av festivalen. Det lokale næringslivet utgjer elles ei viktig økonomisk støtte for festivalen. Festivalen har noko stønad frå Kvam herad, men ikkje frå Kulturrådet eller frå Hordaland fylkeskommune.

Resultatrekneskapan for 2014 viser at festivalen hadde eit driftsresultat på rundt 57 000 kroner før eventuelle fråtrekk.

### *Hardingtonar*

Stiftinga Hardingtonar<sup>7</sup> vart skipa ut frå eit ynskje om å auka kjennskapen til komponisten og hardingen Geirr Tveitt sin store og allsidige produksjon, i tillegg til å fokusera folkemusikk og anna kulturskaping i Hardanger. Sidan starten i 1991 har festivalen vore ein årviss musikkfest i Norheimsund. Med Bergen Filharmoniske Orkester som musikalsk hjørnestein og vitjing av framstående musikarar frå både inn – og utland, har tonekunstnaren Geirr Tveitt fått ein renessanse, og hans verk vert i dag stadig oftare framført rundt i Europa. Hardingtonar har òg fått vore eit springbrett for lokale musikk talent, og festivalen er i dag fundamentert som ein av dei viktige årlege musikalske høgdepunkt i Hardanger.

Festivalen er som festivalar flest i norske kommunar basert på frivillig dugnadsinnsats, men han har tilsett sekretær i 20 prosent stilling. Styret for Stiftinga Hardingtonar består av fem personar. Styret og programkomiteen arbeider på dugnad gjennom heile året. Under festivalhelga vert Norheimsund Musikklag leigd inn for sjauing og anna arbeid.

Hardingtonar hadde i 2016 i alt 1496 betalande publikum, noko som gjer festivalen til ein heller liten festival målt i tal betalande publikum. Festivalen har ikkje oversikt over kor stor del av publikum som er tilreisande. Hardingtonar blir, som nemnt ovanfor, arrangerert samstundes med Trebåtfestivalen. Det er ikkje formelt samarbeid mellom dei to festivalane, med dei har eit eller to felles orienteringsmøter. Einskilde år har det vore samarbeid om konsertar.

Hardingtonar har eit årleg tilskot frå Norsk Kulturråd på 100.000 kroner, Hordaland fylkeskommune 89.000 kroner og Kvam herad 60.000 kroner. Sponsor er Sparebanken Vest med omlag 40.000 kroner. I 2015 kjøpte festivalen varer og tenester for til saman 535 700 kroner, av desse vart 405 500 kroner brukt lokalt<sup>8</sup>.

### *Andre festivalar*

Kvam har i tillegg til festivalane vi har omtalt ovanfor, også ein mat- og drikkefestival – Hardanger mat- og siderfestival (i Øystese), ein hard-rock minifestival – Ålvik Rock, og eit litteratursymposium tileigna forfattaren Hans E. Kinck i Strandbarm – Kinck-dagane. Hardanger mat- og siderfestival er retta mot mat og siderprodusentar i heile Hardanger, men med eit klart tyngdepunkt i Kvam. Medan Ålvik Rock er eit musikktiltak primært retta mot Ålvik, har Kinck-dagane fokus på diktaren Hans E. Kinck som budde delar av livet sitt i Strandbarm.

Vi har ikkje opplysningar om omfang og økonomiske tilhøve for dei tre festivalane/arrangementa. Vi vil tru dei tre arrangementa i første rekke trekker til seg eit lokalt publikum og at dei gir lite

<sup>7</sup> Omtalen er henta frå Hardingtonar si heimeside: <http://www.hardingtonar.no/om-hardingtonar>

<sup>8</sup> Informasjon om økonomiske tilhøve er gitt av Solfrid Aksnes, sekretær for festivalen.

økonomiske ringverknader i lokalsamfunnet. Samstundes representerer dei tre festivalane tre ulike sider av kulturlivet i Kvam og regionen, og er såleis med på å synleggjere den kulturelle bredda i kulturlivet i kommunen.

## 4 Ringverknader for andre sektorar

*Ringverknader får ein når ei verksemd eller næring gir grunnlag for, eller overrisslar, andre verksemder eller næringar. Ringverknader kan vere økonomiske som følgje av til dømes auka omsetning, og dei kan vere knytt til meir langsiktige verknader som ikkje så lett let seg måle i kroner og øre. I dette kapitlet vil vi konsentrere oss om økonomiske ringverknader av tiltak innan kunst- og kultursektoren. Dette vil bli gjort gjennom først kort å presentere tankesettet bak økonomisk ringverknadsanalyse og kva som etter denne modellen skal til for at kulturarrangement skal ha positiv økonomisk effekt i eit lokalsamfunn. Deretter vil vi gje eit døme på korleis eit kulturarrangement – musikkfestivalen Bygdalarm, kan gje økonomiske overrisslingseffektar for det lokale næringslivet. Eit anna døme på økonomiske ringverknader av kultursektoren kan vere den verdiskapinga tilsette i sektoren medverkar til lokalt gjennom skatt til kommunen og forbruk lokalt. Dei meir langsiktige ringverknadane av kunst- og kultur vil bli drøfta i kapitel 4.*

### 4.1 Økonomisk ringverknader

Økonomiske lokale ringverknader av kunst og kultur kjem som følgje av

- Publikum sitt forbruk – og då primært tilreisande som tek nye pengar inn i området
- Lokale vare- og tenestekjøp
- Forbruk og skatt frå lønsmottakar

I eit større regionaløkonomisk perspektiv vil alle besøkande som brukar pengar lokalt, gje økonomiske ringverknader lokalt same kva som var motivet deira for å vitje området – og kva dei brukar pengane sine på. I eit økonomisk ringverknadsperspektiv med fokus på kunst og kultur, er det derimot berre forbruk frå tilreisande (besøk) som vert trekt til området på grunn av kunst- eller kulturtilbod i området som gir økonomiske ringverknader lokalt. Ein snakkar her om *arrangementskapt lokal omsetning* (Ericsson 2003). Dei pengane kommunen sine eigne innbyggjarar brukar på kunst eller i samband med kulturarrangement, vert rekna som pengar dei uansett ville ha nytta til kjøp av varer og tenester lokalt. Dei er forbruket frå dei besøkande i form av kjøp av mat, drikke, overnatting med meir, frå lokale næringsdrivande som i regionaløkonomisk perspektiv gjev lokale ringverknader ved at dei fører inn nye pengar til regionen (t.d. ein kommune).


Argumentet for at ikkje forbruk frå lokalt publikum ikkje skal reknast med, er at ein føreset at forbruket på kunst- eller kulturarrangementet er eit utslag av økonomisk prioritering og såleis ville ha blitt brukt lokalt uansett (Dahle et.al 2013; Ericsson op.cit.). I prinsippet skal heller ikkje forbruk frå besøkande som ikkje kom til området på grunn av kunst- og kulturarrangement, men som likevel kjøper kunst eller kjøper billett til ein festival, reknast med. Det er likevel mykje som talar for at denne kategorien besøkande bør teljast med i reknestykket av di dei tilfører nye pengar til området takka vere tiltak innan kunst- og kultursektoren.

Kunst- og kultursektoren har behov for varer og tenester. Dersom etterspurnaden frå kunst- og kultursektoren blir levert av lokale verksemder vil det gje positive ringeverknader i kommunen. Dersom all leveranse kjem frå leverandørar som ikkje høyrer heime i kommunen vil det ikkje gje ringverknader lokalt.

Ein viktig føresetnad for lokale økonomiske verknader er at dei inntektene som vert skapt lokalt kjem som følgje av aktivitet innan kunst- og kultursektoren. Dersom alle pengane som vert generert i samband med kunst- og kulturaktivitet kjem frå tilreisande busett utanfor regionen (t.d. Kvam), og vert brukt lokalt, oppnår ein maksimalgrensa for ringverknader (Ericsson 2003<sup>9</sup>). Med andre ord at kvar krone som vert tatt inn i området vert nytta til kjøp av varer og tenester innan området. I røynda vil ikkje dette skje av di ikkje all inntekt er nye pengar til området, og festivalen eller kulturtiltaket må som regel også kjøpe varer og tenester frå tilbydarar lokalisert utanfor området (t.d. Kvam).

Lokale økonomiske ringverknader frå kunst- og kultursektoren kjem dels som følgje av i) publikums forbruk, ii) vare- og tenestekjøp lokalt frå sektoren, og iii) løns- og utbytteutbetalingar i sektoren. Føresetnaden for å kunne gjere slike analyser er at det finst tilgjengeleg datagrunnlag i form av til dømes økonomiske nøkkeltal for dei aktuelle verksemdene (eller føretaka), og helst også data for publikumsforbruk av varer og tenester i samband med kulturarrangement.

Ein skjematisk oversikt over ringverknader av kulturverksemd er vist i figur 4.1. Verknadene som blir skapt av kulturverksemdene sjølve er vist i den venstre halvdel, medan verknader som blir skapt gjennom publikums ekstraforbruk er vist i den høgre halvdel.



Figur 4.1 Skjematisk oversikt over ringverknader av kulturverksemd. (Kjelde: ideas2evidence rapport 3/2013: Kultur, kroner, kreativitet.)

#### Multiplikatorverknadar

Koplinga mellom ulike sektorar i ein økonomi opnar for *multiplikatoreffektar*. Ein multiplikator gir uttrykk for kor mykje den samla inntekta eller produksjonen i eit geografisk område aukar for kvar krone som blir tilført utanfrå. Ein del av desse effektane oppstår som følgje av at aktiviteten i ein gjeve sektor (her kunst og kultur) genererer lønsinntekter til tilsette. Desse inntektene genererer etterspurnad etter konsumgode, både lokalt og utanfrå. Etterspurnaden etter lokale konsumgode vil

<sup>9</sup> Ericsson, Birgitta (2003): ØF-notat nr. 06/2003. Lokaløkonomiske virkninger av kulturfestivaler - et metodisk urent farvann

føre til auka produksjon i andre sektorar i den lokale økonomien, noe som vil gi økte lønnsinntekter også i disse sektorene. Dette vil igjen kunne nyttast til å etterspørje lokale konsumgode. Slik vert en serie etterspurnadsverknadar generert, noko som vil bli mindre dess lenger ut i rekka ein kjem. Ofte vert også nemninga *induserte verknader* nytta om denne type lønnsrelaterte ringverknader<sup>10</sup>. Auken i etterspurnad etter konsumgode vil også medverke til nye kryssløpsverknader, som følgje av at trongen for innsatsvarer- og tenester i verksemdene aukar når produksjonen aukar.

#### *Sektorens verdiskaping (direkte verknader)*

Dei direkte verknadene av kulturaktivitetane svarar til den verdiskapinga som skjer i desse verksemdene. Verdiskaping vert definert i rekneskapstermar som summen av driftsresultat (før skatt) og lønsutgifter. Dette er med andre ord dei verdiane som selskapa sjølv genererer og som kan nyttast til å kompensere dei ulike aktørane som har interesser i verksemda.

- Dei tilsette i form av løn
- Eigarane i form av overskot, og
- Styresmaktene i form av skattar og avgifter

Verdiskapingsomgrepet inkluderer med andre ord ikkje utgifter kulturverksemdene har til kjøp av varer og tenester frå andre selskap, det vil seie vareinnsatsen. Det er berre den tilleggsverdien som blir skapt av verksemda sjølv som vert rekna med.

#### *Utfordringar*

Talfesting av økonomiske ringverknader av publikums (besøkande) forbruk på lokale kunst- og kulturarrangement er metodisk problematisk. Estimering av forbrukstal i samband med festivalar, konsertar og andre publikumsretta tiltak innan kunst- og kultursektoren bygger på føresetnader som inneheld ei vesentleg grad av uvisse. Denne uvisse er i stor grad knytt til korleis ein kan skilje ut forbruk som skjer berre som følgje av aktivitetar knytt til kunst- og kultursektoren. Ein vanleg måte å skaffe talgrunnlag på er gjennom *publikumsundersøkingar* retta mot eit tilfeldig utval under og etter eit arrangement. Formålet med slike undersøkingar er å estimere totalforbruk frå tilreisande publikummarar fordelt på utgifter til overnatting, mat og drikke, samt forbruk utover dette.

Det er her viktig å skilje mellom forbruk med «nye» pengar og forbruk med pengar som allereie er i regionen, eller sagt på ein annan måte; skilje mellom pengar som tilreisande publikum brukar på kulturarrangement og pengar som blir brukt av fastbuande publikummarar. Når det gjeld dei tilreisande må ein skilje mellom dei som bur gratis hos slekt og venner, og dei som betalar for kost og overnatting. Vil undersøkinga vere såpass representativ at ho fangar opp dette? Vidare, kan ein vere sikker på at respondentane gjev opp rett forbruk (både kva som er brukt og forventa bruk). Sidan rammene for publikumsundersøkingar som regel set grenser for omfang og detaljeringsgrad på spørjeskjemaet, vil det alltid rå ei viss uvisse kring datamaterialet.

Det er også utfordringar knytt til korleis ein kan skilje ut kunst- og kulturaktivitetar frå andre aktivitetar som medverkar til økonomisk overrisling, samt å måle effektar i kroner (Dahle et.al 2013<sup>11</sup>, Ericsson 2003).

<sup>10</sup> Sjå mellom anna Andersen og Ellingsen (2003): Reiselivsnæringar og turiskonsum i Hordaland. SNF-rapport 42/03.

<sup>11</sup> Ideas2evidence rapport 3/2013: Kultur, kroner, kreativitet. Kunst- og kultursektorens økonomiske og samfunnsmessige betydning i Bergen og Hordaland.

## 4.2 Aktivitet skapar ringverknader

Festivalar, utstillingar, konsertar og andre kunst- og kulturtiltak som samlar menneske, skapar aktivitet og samhandling mellom menneske. Samstundes gir dei også grunnlag for omsetning av varer og tenester, både frå arrangørane og frå publikum. Kva kunst- og kulturtiltaka legg att av pengar i den lokale økonomien vil mellom anna variere etter type tiltak og storleiken på tiltaket. Tiltak som dreg mykje tilreisande publikum vil som regel gje meir økonomiske ringverknader enn mindre og smale tiltak med eit hovudsakleg lokalt publikum. Ein musikkfestival genererer vanlegvis meir publikumsforbruk enn ei kunstutstilling eller ein klaverkonsert.

Små festivalar i distrikta kjøper også varer og tenester av det lokale næringslivet, men omfanget av slike kjøp er generelt sett lågt målt i kroner og øre og gir følgeleg små økonomiske ringverknader. Når så det lokale næringslivet i større eller mindre grad gjerne gir rabattar til lokale kunst- og kulturtiltak når dei skal kjøpe varer og tenester, eller at dei sponsar dei direkte, vert dei direkte økonomiske verknadane av slike kjøp ikkje dei heilt store. Det er, som omtalt ovanfor, publikum sitt forbruk under festivalar og andre hendingar som i første omgang gir omsetning for det lokale næringslivet.

Dei som arbeidar innan kunst- og kulturfeltet i Kvam betaler skatt til kommunen, og dei kjøper varer og tenester frå det lokale næringslivet. På den måten gir kunstnarar, musikarar, dei som driv med underhaldning av ymse slag, dei som leverer tekniske tenester til ulike arrangement, og dei som jobbar på musé og innan offentleg kulturforvaltning/-formidling, sitt økonomiske bidrag til lokalsamfunnet. Sidan vi ikkje har oversikt over kva dei som arbeidar innan feltet tener eller betaler i skatt til Kvam herad, har vi under (4.2.6) gjort eit estimat over kva kunst- og kultursektoren i Kvam betaler i skatt til kommunen.

### 4.2.1 Bygdalarm –trekker folk til Øystese

Bygdalarm hadde i 2015 om lag 2700 betalende publikummarar fordelt på to dagar, i følge festivalleiar Kjersti Aksnes. I 2015 hadde festivalen 2,5 mill. kroner i driftsinntekter, av desse var om lag 1.6 mill. kroner billettinntekter. Resten var frå salsinntekter, og ulike tilskot og sponsormidlar. Kvam herad gav i 2015 eit tilskot på 80 000 kroner, og Kulturrådet ga 200 000 kroner i tilskot. Resten kom frå private sponsorar lokalt og regionalt. Festivalen hadde driftsoverskot i 2013 og 2014, men hadde eit lite underskot i 2015<sup>12</sup>. Likviditeten er likevel god. Av reine arrangementskostnader og driftskostnader på om lag 1,4 mill. kroner, anslår festivalleiar Kjersti Aksnes at om lag 1 million går til lokale næringsdrivande.

I samband med ei undersøking i 2012 om kunst- og kultursektorens økonomiske og samfunnsmessige innverknad i Bergen og Hordaland (Dahle et.al.2013) vart det gjennomført publikumsundersøkingar på ei rekkje kulturarrangement i Hordaland, mellom anna Bygdalarm i Øystese. Føremålet med undersøkingane var å berekne publikum sitt ekstraforbruk som følge av kulturarrangement. Eit viktig prinsipp i slike berekingar (koplingsverknader) er at berre etterspurnad som vert generert av tilreisande vert lagt til grunn for utrekningane.

Publikumsundersøka frå 2012 viser at tilreisande festivaldeltakarar til saman la att nærare 1,7 millionar kroner i Kvam, og då er overnatting på til saman vel 157 000 kroner ikkje rekna med. Tek vi med alle som var på festivalen, også dei som bur i Kvam eller som var i kommunen i anna ærend, la

<sup>12</sup> Kjelder: Kjersti Aksnes, Årsrapport 2014 og Årsrapport 2015.

festivaldeltakarane att i overkant av 1,8 millionar kroner. Dette er kroner som vart nytta lokalt og som følgjeleg gir positive økonomiske ringverknader for næringslivet i Kvam. Dersom vi reknar med dei som kom berre for å ta del i festivalen og såleis tek nye pengar inn i kommunen blir summen noko mindre, men ikkje veldig mykje mindre. Dette skuldast at Bygdalarm ser ut til å ha høvesvis mange tilreisande samanlikna med andre mindre musikk- og kulturfestivalar. Det er god grunn til å tru ein stor del av dei tilreisande er unge kvemningar som nyttar festivalen som eit høve til å vitje slekt og vener, samstundes som dei også har noko kjekt å gjere på den helga. Dersom vi held oss til ei streng tolking av korleis ringverknader vert generert (jf. kap. 3.2), kan vi tenke oss at dei fleste tilreisande kvemningar ville reist til Kvam uansett i løpet av sommaren, men at festivalen gjorde at det vart akkurat den helga. Dei ville då brukt pengar lokalt utan omsyn til festivaldeltaking.

I tillegg til dei pengane festivaldeltakarane legg att i kommunen, kjøper festivalen varer og tenester frå det lokale næringslivet. For ein musikkfestival som Bygdalarm vil dei største utgiftene her vere til leige av lydtenester og tekniske tenester, andre kjøp vil vere av heller lite omfang målt i kroner. Honorarutgifter til musikarar utgjør ein vesentleg del av utgiftene, men desse går ut av kommunen. Samstundes er det slik at Bygdalarm til liks med alle andre festivalar og kulturaktivitetar i landet, er avhengig av økonomisk stønad frå det offentlege<sup>13</sup> og frå lokale næringsdrivande for å kunne arrangere kulturtiltaket. Festivalen mottar stønad anten i reine kroner eller som meir eller mindre rabatterte varer og tenester.

I prinsippet må all lokal økonomisk stønad trekkast frå dei inntektene festivalen genererer for å kome fram til kva festivalen tyder for Kvam herad. Økonomisk stønad frå Kulturråd, fylkeskommune og andre instansar utanfor kommunen vil i denne samanheng utgjere «nye» pengar tilført kommunen, og vil såleis utgjere pengar generert av festivalen. Sidan Bygdalarm er ein festival utan løna tilsette<sup>14</sup>, vil ikkje festivalen generere inntekter til kommunen i form av skatteinntekter.

Tabell 4.1 Bygdalarm 2012. Resultat frå publikumsundersøking

Publikum	Andre utgifter*		Overnatting	
	Alle	Berre kultur- besøkande	Alle	Berre kultur- besøkande
<b>Fra KVAM</b>	539 307	539 307	0	0
<b>Fra Hordaland utan overnatting</b>	37 279	37 279	0	0
<b>Fra Hordaland med overnatting</b>	832 819	731 430	90 473	90 473
<b>Fra utenfor Hordaland med overnatting</b>	459 778	387 555	88 890	66 667
<b>SUM</b>	1 869 183	1 695 571	179 363	157 140

**\*Her er tal for andre utgifter trekt frå, til saman 220 000 kroner som er arrangørens cut av barsal.**

Det er all grunn til å minne om at slike berekningar som dette inneheld usikre faktorar slik at oppsettet i tabellen under ikkje må oppfattast for absolutt, men snarare som ein indikasjon på kva festivalen har å seie for lokalsamfunnet. Ein varsam konklusjon er uansett at Bygdalarm gir positive økonomiske ringverknader for lokalt næringsliv i første rekke ved at festivaldeltakarane kjøper varer og tenester lokalt, men òg at sjølve festivalen kjøper tenester og varer frå lokalt næringsliv. I tillegg kjem den økonomiske støtta festivalen dreg inn frå «sponsorar» utanfrå kommunen.

<sup>13</sup> Stønad frå Kvam herad i 2016 på kr 65 000. Vi har ikkje opplysningar om storleiken på støtta i 2012.

<sup>14</sup> Dei seks styremedlemmene har dei seinare åra fått utbetalt kvar 40 000 kroner i honorar.

Ser vi utover dei kortsiktige ringverknadane, skal ein ikkje sjå bort frå at festivalar som Bygdalarm kan ha ein positiv omdømeeffekt for unge menneske ved at han syner at det skjer ting i distriktskommunar også. Det er likevel lite truleg at slike festivalar aleine fører til auka tilbakeflytting til heimkommunen eller auka tilflytting til kommunen.

#### 4.2.2 Har tala frå Bygdalarm overføringsverdi til kunst- og kulturfeltet i Kvam?

Vil så tala frå publikumsundersøkinga frå Bygdalarm kunne nyttast for å estimere ringverknader for andre kulturarrangement i Kvam? Svaret er nei, til det skil Bygdalarm seg for mykje frå dei andre festivalane i Kvam. Bygdalarm er primært ein festival for unge menneske som likar musikk, samstundes som festivalen også fungerer som eit årleg samlingspunkt for utflytta kvemningar. Det trur vi ikkje er tilfellet med Trebåtfestivalen eller Hardingtonar, i alle fall ikkje i same omfang<sup>15</sup>.

Når unge menneske samlar seg for å høyre musikk, drikk dei øl, og gjerne meir enn dei elles ville ha gjort om ikkje Bygdalarm eller eit tilsvarande arrangement hadde funne stad. Verken Trebåtfestivalen og Hardingtonar, eller Hardanger frukt- og siderfestival for den saks skuld, har (etter kva vi forstår) så mange betalende festivaldeltakarar som Bygdalarm, og generer heller ikkje same grad av forbruk som Bygdalarm.

#### 4.2.3 Harding Puls og Galleri Puls – skaffar kunstnarar inntekt

Harding Puls er ein organisasjon som har fleire prosjekt. Det største dei siste åra er landskapskunstprosjektet «Mellom himmel og fjord»<sup>16</sup>. Alle prosjekta har sjølvstendig økonomi. Kunstnarane medverkar også med sin eigen innsats i å skapa kunstverka. Harding Puls estimerar sjølv denne innsatsen til ein verdi på til saman vel 1,2 millionar kroner. Dugnadsinnsatsen til lokale medhjelparar vert likeins rekna til å ligge på mellom 50.000 og 100.000 kroner. Kvam herad har støtta prosjektet med til saman 90 000 kroner over tre år, resten av midlane kjem utanfrå gjennom Kulturrådet, Kulturkontakt Nord, Nordisk Kulturfond, Hordaland fylkeskommune og fleire til.

Galleri Puls er eit eige prosjekt med sjølvstendig økonomi. Dugnadsinnsatsen reknar dei sjølve til i snitt å utgjere om lag ei 20 prosent stilling fordelt på fleire i styret. I periodar vert denne innsatsen større. Galleriet har om mål å vise og formidle interessant kunstutstillingar, samstundes gje kunstnarane ein arena for sal.

Kvam herad er, saman med Hordaland fylkeskommune, er to av dei viktigaste økonomiske støtte-spearane for Harding Puls og Galleri Puls (her betalar kommunen husleiga).

Eit kunstnarforum som Harding Puls kan ikkje tevla med musikkfestivalar av typen Bygdalarm når det gjeld å trekke folk til kommunen som betalar billett, og som sørgjer for auka omsetning blant næringsdrivande i kommunen. Eit kunstnarforum – eller nettverk fungerer på ein annan måte. Mange av prosjekta til Harding Puls i form av utstillingar eller prosjekt «ute i landskapet», kan trekke til seg mykje folk. Skilnaden frå festivalane er at her kjem ikkje alt publikum i løpet av eit par dagar, men over heile utstillings- eller prosjektperioden.

Ein viktig funksjon til Harding Puls – og avleggaren Galleri Puls, er å auke inntektene til lokale kunstnarar (som er sjølvstendige næringsdrivande). Dette gjeld mellom anna honorar for utførte kunstverk og framføringar, og for sal i Galleri Puls. I 2014 - 2016 har Harding Puls skaffa honorar til kunstnarane på til saman om lag 570.000 kroner for opplevingar dei har skapt i Hardanger. 60 – 70

<sup>15</sup> Verken Trebåtfestivalen eller Hardintonar har oversikt over talet på tilreisande til festivalane.

<sup>16</sup> <http://kunstlandskap.no>

prosent av kunstnarane har tilhald i Hardanger. I perioden 2014 – 2016 har Galleri Puls betalt ut salsoppgjer til utstillande kunstnarar på til saman 400.000 kroner<sup>17</sup>. Slik sett medverkar Harding Puls til å auke inntektene til lokale kunstnarar og med det auke både kjøpekrafta og skattegrunnlaget for kommunal skatt. Harding Puls fungerer som ein viktig økonomisk aktør ved sida av funksjonen som ein viktig kulturell aktør.

Harding Puls kjøpte i perioden 2014 til 2016 varer og tenester for til saman 751 000 kroner. Av dette vart 232 000 kroner brukt lokalt, 285 000 i andre kommunar i regionen, og 280 000 kroner frå landet elles. Underbruket Galleri Puls kjøpte i same periode varer og tenester til saman for 136 000 kroner, av dette gikk 110 000 kroner til lokalt næringsliv. Samstundes som Harding Puls kjøper varer og tenester næringsdrivande i Kvam, sponsar dei same næringsdrivande organisasjonen i stor mon gjennom å gje rabatt på varekjøp. I tillegg kjøper kunstnarane sjølv mykje materiale til sine installasjonar som dei har i prosjekta våre som Harding Puls ikkje har inne i sitt rekneskap.

Gjennom at Harding Puls stor sett kjøper varer og tenester lokalt støyr dei lokalt næringsliv. Den aktiviteten nettverket skapar gir som regel behov for overnatting, og gir såleis stønad til lokale hotell (som på si side gjev nettverket rabatt på overnatting). Besøk i samband med kunst- og kulturaktivitet i regi av Harding Puls styrkar besøksøkonomien ved at folk kjøper varer lokalt.

*«Kunst- og kultur skaper bevegelser i samfunnet som gjer at folk i alle generasjonar kjem for å oppleve kunst. Kunst og kultur medverkar til å skape liv i samfunnet.» Solfrid Aksnes.*

#### 4.2.4 Kunsthuset Kabuso – trekkjer verdskjente artistar til Kvam

Kunsthuset Kabuso har funksjon både som regionalt kunstsenter og som lokalt kunsthus. Som omtalt i kapitel 3.3 leiger Kabuso alt lydutstyr av utleigarar i Kvam, og dei kjøper alt av kontorutstyr lokalt. Fagleg leiar Heidi Jaeger opplyser at det ikkje er lett å anslå kor stor del av varer og tenester som blir kjøpt lokalt. Kjøp av tenester omfattar transport, hotell, honorar til musikarar og kunstnarar, og slike utgifter varierer frå år til år, og vedlikehald av bygget er det Hordaland fylkeskommune som står for.

Alt kjøp av kontorrekvisita blir gjort lokalt, det same blir kjøp av lydtenester og tekniske tenester i samband med konsertar. For 2016 er det budsjettert med kjøp av overnatting/reise/mat, lyd- og lystenester, og stemming av piano for til saman 171 000 kroner. Det meste av dette går til lokale tilbydarar.

Driftsinntektene i 2015 var på om lag 3,9 millionar kroner, av desse utgjorde om lag 2,9 millionar kroner offentleg stønad og refusjonar. Dei bokførte førebelse driftsutgiftene er på vel 2,5 millionar kroner. Då er ikkje utgifter relatert til James Turrell og hans installasjon Skyspace rekna med.

Vi vil elles tru at dei viktigaste ringverknadane av verksemda til Kabuso vil ha ein meir indirekte karakter, til dømes gjennom den merksemda kunsthuset generer gjennom utstillingar, konsertar – og no sist gjennom Hardanger Skyspace. I kva grad Hardanger Skyspace vil bli besøkt av kvemningar og tilreisande står att å sjå, likeeins om installasjonen vil fungere som trekkplaster til Kvam.

#### 4.2.5 Hardanger Fartøyvernsenter – viktig på mange måtar

Hardanger Fartøyvernsenter er både ein mellomstor arbeidsplass i Kvam og ein viktig kulturformidlar. Senteret er godt besøkt av både tilreisande og frå folk i regionen, samstundes som det også har ein kommersiell verksemd ved sida av. Vi trur òg det er viktig for Kvam herad at senteret utgjer eit

---

<sup>17</sup> Kjelde: Solfrid Aksnes

rekrutteringspotensial for både fagarbeidarar og akademisk skulerte kulturarbeidarar. Dette, saman med den innsatsen Messen og Harding Puls gir, medverkar til å gje Kvam eit internasjonalt tilsnitt i sitt kunst- og kulturmiljø. Dette vil vi tru er udelt positiv for kommunen – og regionen.

Senteret har mange tilflyttarar frå inn- og utland, dei fleste er handverkarar. Dei tilsette betalar skatt, handlar og bur lokalt, og utgjer såleis ein viktig arbeidsplass i kommunen. Det internasjonale miljøet ved senteret medverkar også til å gjere Kvam litt meir kosmopolitisk enn det som er vanleg i norske distriktskommunar. Senteret driv også med utstrekkt samhandling med handverkarar frå inn- og utland.

Økonomi og administrasjonsleiar Anne Marie Øvrevik opplyser at senteret kjøper varer og tenester mest mogleg lokalt/regionalt på dei områda det er mogleg. Tømmer vert kjøpt i kommunen eller i regionen, og det vert tilverka lokalt/regionalt. Som dei andre kulturaktørane i kommunen har senteret eit regionalt perspektiv - samt eit nasjonalt perspektiv som eitt av tre nasjonale fartøyversenter.

Hardange Fartøyversenter har også ein viktig funksjon som støttespelar for Trebåtfestivalen. Primus motor i Trebåtfestivalen fortel i den samanheng at hadde ikkje han, som tilflyttar, fått jobb på Fartøyversenteret, så hadde han heller ikkje fått høvet til å ta initiativ til å starte Trebåtfestivalen. Det er også fleire døme på at senteret har tilsett ektefeller/sambuarar til tilflyttarar innan kunstfeltet i kommunen. Slik sett utgjer Hardanger Fartøyversenter ein viktig arbeidsplass i kommunen.

Etter vår vurdering gir Hardanger Fartøyversenter gode lokale ringverknadar, både gjennom å vere arbeidsgjevar for i underkant av 40 personar som skattar og forbrukar lokalt, gjennom kjøp av varer og tenester lokalt, og gjennom dei pengane senteret dreg inn i kommunen gjennom mellom anna publikumsbesøk og kommersiell verksemd. I tillegg medverkar senteret gjennom si verksemd til å marknadsføre Kvam på ein positiv måte. Senteret fekk i 2015 eit driftstilskot på 8,3 millionar kroner.

#### 4.2.6 Også kunstnarar og kulturarbeidarar betaler skatt

Sidan driftsresultata til kunst- og kultursektoren som regel ikkje er særleg store i dei fleste norske kommunar, er det gjerne den offentleg finansierte kulturen med relativt mange tilsette og relativt høgt lønsvivå som musikkskule og bibliotek som utgjer hovudtyngda av verdiskapinga. I kommunar som har større museum og private kulturinstitusjonar med høvesvis mange tilsette - som Kvam, vil også desse medverke til verdiskaping i kommunen gjennom forbruk og skatt. Vi veit frå andre studiar (ideas2evidence 2013) at dei fleste einskildføretaka innan kunst- og kultursektoren både har låg omsetning og låg inntekt, noko som gjer at dei generelt har dårleg verdiskaping målt i økonomiske termar.

Ein indikasjon på kva tilsette innan kultursektoren medverkar til i verdiskaping i Kvam får ein gjennom å sjå på kva kulturarbeidarar bidrar med i skatteinnkome til kommunen. I tillegg kjem skatt til fylkeskommunen og staten. Vi har lagt til grunn ei snittløn innan kultursektoren på kr 400 000 og 45 tilsette skattebetalarar. Når alle frådrag er gjort, utgjer grunnlaget for skatteutrekning kr 256 800. Kommuneskatten på 11,35 (2015) utgjer såleis 30.302 kroner for kvar tilsett. Estimert skatt til Kvam kommune frå tilsette i kunst- og kultursektoren i Kvam i 2015: 30 302 kr X 45 = **1,36 millionar kroner**. Føresetnadene for estimatet er vist på side 40.

Vi strekar under at 1,36 millionar skattekrone er eit estimat basert på usikre føresetnader om inntektsnivå og tall lønsmottakarar i kultursektoren. Talet på skattebetalarar frå kultursektoren er

truleg høgare, mellom anna er ikkje selskap registrert i einingsregisteret rekna med, det vil si at kunstnarar og personar innan underhaldningsbransjen (som musikarar og lydteknikarar) ikkje er rekna med. Sjølv om inntektene frå kunstnarisk verksemd kanskje ikkje er så høge for mange kunstnarar, vil dei fleste av kunstnarane som nemnt ha inntekter gjennom anna lønsarbeid som dei skattar av.

<b>Føresetnader for utrekning av kommuneskatt:</b>	
Tal tilsette/skattebetalarar	45 Estimert
Snittløn tilsette i sektoren	400 000 Estimert
Kommuneskatt 2015	11,35 %
<b>Skatt og skattegrunnlag per person:</b>	<b>2015</b>
Inntekt	400 000
Minstefradrag	91 450
Alminnelig inntekt	308 750
Personfradrag	51 750
<b>Grunnlag skatteberegning</b>	<b>256 800</b>
Skatt på alminnelig inntekt	64 200
<b>- Kommuneskatt</b>	<b>30 302</b>

Kjelde: <http://www.smartepenger.no/skatt/103-skatt/603-alminnelig-inntekt>



## 5 Kunst- og kultursatsinga si tyding for samfunns- og næringsutviklinga i Kvam

*Kapitlet handlar om kunst- og kultursatsinga i Kvam si tyding for samfunns- og næringsutviklinga i kommunen på sikt, og er delvis eit oppsummeringskapitel av dei føregåande kapitla. Har satsinga på kunst og kultur gitt fleire eller nye arbeidsplassar, og har satsinga ført til auka bulyst eller tilflytting? Eit vesentleg element i ein slik gjennomgang er knytt til det kontrafaktiske dilemma, eller korleis utviklinga ville ha vore om ikkje kommunen hadde sett kunst- og kultur på dagsorden som eit verkemiddel for å auke folketalet og få eit positiv samfunnsutvikling. Ville den same utviklinga skjedd utan intervensjon i form av Kvammalokk og Kvammalokk Revisited?*

### 5.1 Langsiktige ringverknader av kunst- og kultur

Dei siste tiåra har det vakse fram ei ny referanseramme innanfor kulturnæringsfeltet, kor mykje av forskinga har skifta frå tradisjonelle kost-nytteanalysar og ringverknadsanalysar til meir kvalitativt orienterte studiar med vekt på attraktivitet og bustadkvalitet (Kobro 2009). Kulturforskaren Georg Arnestad hevdar at det «ikkje lenger [er] snakk om «economic impacts» og «ringverknader» og «multiplikatorar», slik det var for 15-20 år sida. [...] No er det snakk om langsiktige effektar både av inntekt, forbruksutvikling og busetnad, som m.a. betydinga av lokalisering av visse typar arbeidskraft; ikkje minst det Richard Florida kallar den kreative klasse.»<sup>18</sup>

Det er viktig å ha eit nøkternt og edrueleg perspektiv på Florida-perspektivet overført til små norske distriktskommunar. Florida skriv om store og kjente metropolar med større innbyggartal enn Noreg til saman, og med eit heilt anna utgangspunkt enn kva ein finn i Distrikts-Noreg. Poenget er at ringverknader frå kunst- og kultursektoren ikkje berre handlar om økonomiske ringverknadar for næringslivet, men også om ringverknadar for lokalsamfunnet som ikkje nødvendigvis kan teljast i kroner og øre.


Aktivitet på kunst- og kulturfeltet som her skissert kan gje ringverknader både på kort og lang sikt. På kort sikt vil tiltak og aktivitetar innan kunst- og kultursektoren gje økonomiske ringverknader gjennom kjøp av varer og tenester lokalt - og gjennom skatteinntekter til kommunen. Når Kvam herad inviterer kunstnarar frå inn- og utland til å bu og arbeide i kommunen, eller at den kjente amerikanske kunstnaren James Turell vel Øystese som stad for bygging av den 82. *Skyespace* installasjonen hans, får ein både nasjonal og dels internasjonal merksemd. Tilflytting av kunstnarar har ein tendens til å skape aktivitet i lokalsamfunnet, anten dette skjer i form av lesarinnlegg i lokalavisa om kunsten kunstnarane produserer eller i form av utstillingar og utsmykking i lokalsamfunnet. Ein distriktskommune med aktivitet innan kunstfeltet, til dømes med nettverksorganisasjonar som Harding Puls, kan òg verke attraktiv for kunstnarar frå andre deler av landet slik at dei vel å flytte dit. For kunstnarar frå byar som Oslo og Bergen med veldig mange kunstnarar og sterk konkurranse, kan ein kommune som Kvam faktisk vere ein moglegheit for å slå gjennom og for å kome inn i eit godt fagleg miljø.

<sup>18</sup> Arnestad, Georg: Frå kultursektor til opplevelsesøkonomi: Kva for rolle spelar forskaren? Nordisk kulturpolitisk tidsskrift. 01/2010. s.109-123.

Innan kulturfeltet har særleg Hardanger Fartøyvernssenter ein viktig funksjon som ein kompetanse-arbeidsplass innan feltet. Gjennom å ha eit slikt nasjonalt senter i kommunen, får ein tilflyttarar med kompetanse og ressursar. Det treng alle distriktskommunar. Ressurssterke kompetansepersonar innan kunst- og kulturfeltet vil gjerne engasjere seg i frivillig kulturarbeid om høvet byr seg. Føresetnaden er at det finst institusjonar og arbeidsplassar lokalt som, kvar på sitt vis, kan tilby arbeid eller eit nettverk for potensielle tilflyttarar.

På lengre sikt kan aktivitet innan kunst- og kulturfeltet gje kulturelle og sosiale ringverknader i lokalsamfunnet og såleis medverke til å vitalisere eller revitalisere lokalsamfunnet. Om ein lukkast med å marknadsføre og «selje» dette i dei rette fora, kan det gjere det aktuelle området (gjerne ein kommune eller ein by eller tettstad) meir attraktivt og såleis oppnå ei positiv samfunnsutvikling (som omtalt tidlegare).

Dei ulike rollane som er blitt tillagt kunst- og kultursektoren som verkemiddel for samfunnsutvikling, er søkt samanfatta i figur 5.1.



Figur 5.1 Kunst- og kultursektoren som verktøy for samfunnsutvikling

## 5.2 Kva gjennomgangen har vist

Tabell 5.1 viser i korte trekk dei viktigaste «funna» i undersøkinga fordelt på «pluss» og «minus». Funna viste i tabellen er ikkje vekta, det vil seie at vi her ikkje har gjort ei vurdering av vekta av plussar og minus, alle tel her like mykje. I drøftinga under vil funna bli nyanserte og sett inn i ein kontekstuell samanheng. Merk at tabellen har fleire «plussfunn» enn «minusfunn». Det kan likevel vere at «minusfunna» til saman veg meir enn «plussfunna».

Tabell 5.1 «Funn» fordelt på pluss og minus

PLUSS	MINUS
<p><i>Kvam har høvesvis mange personar innan kunstfeltet, og det er relativt mangfaldig.</i>                      Dette kan vere ein indikasjon på at kommunen har lagt tilhøva til rette for kunstnarar (t.d. Messen og Galleri Puls), men også at kunstmiljøet sjølv t.d. gjennom Hardanger Puls gjer ein god jobb.</p>	<p><i>Tap av arbeidsplassar i industri og handel.</i>                      Dette er uheldig med tanke på arbeidsmarknaden og attraktivitet og bulyst. Uheldig også av di dette i stor grad er arbeidsplassar for ufaglærte.</p>
<p><i>Vekst i talet på verksemdar innan kunst og kultur frå 2008.</i>                      Veksten har i hovudsak kome innan einskildføretak som her truleg består av berre ein person – kunstnaren sjølv. Veksten kan ha samanheng med innsatsen til Kvam herad.</p>	<p><i>Nettoutflytting, fødselsunderskot og aukande del eldre (over landssnittet).</i>                      Dette er lite gunstig med tanke på folketalsvekst, næringsutvikling og samfunnsutvikling generelt. Utflyttinga heng dels saman med endring på arbeidsmarknaden, og har m.a. ført til utflytting av arbeidsinnvandrarar.</p>
<p><i>Vekst i talet på sysselsette innan kunst- og kulturfeltet frå 2008. Også vekst i kreative næringar.</i>                      Veksten her har i hovudsak komme innan offentleg sektor og i Hardanger Fartøyvernssenter. Veksten kan ha samanheng med innsatsen til Kvam herad. Sekkenemninga «kreative næringar» som omfattar både kunstnarar, kulturarbeidar, arkitektar, mediefolk osv., har også fått fleire sysselsette i perioden. Dette er viktige arbeidsplassar og kan verke inn på attraktiviteten til Kvam med tanke på kreativt miljø.</p>	<p><i>Det er lite som tyder på at Kvammalokk og Kvammalokk Revisited har påverka tilflytting til Kvam i stor grad.</i>                      Tilflyttinga til Kvam sidan 2008 skuldast i større grad den globale og nasjonale arbeidsmarknads-situasjonen og krig i verda, enn lokale lokkekampanjar.</p>
<p><i>Vekst i talet på sysselsette innan kompetansenæringer frå 2008.</i>                      Det har vore ein vekst i talet på kompetansearbeidsplassar, vanlegvis rekna som arbeidsplassar som krev høgare utdanning. Slike arbeidsplassar er viktige med tanke på attraktivitet.</p>	<p><i>Kvam kan ha ein uheldig næringsstruktur med tanke på å vere attraktiv for potensielle tilflyttarar.</i>                      Kommunen er framleis relativ tung på industriproduksjon, og tilsvarande lett på kompetansearbeidsplassar (men dette har bedra seg noko dei siste åra).</p>
<p><i>Kunst- og kultursektoren genererer besøk til Kvam.</i>                      Alle kunst- og kulturarrangement som genererer besøk gir lokale ringverknader i større eller mindre grad. Dersom lokalt publikum brukar meir pengar enn dei elles ville ha gjort grunna kunst- og kulturarrangement, gir det også lokale ringverknader frå kunst og kulturaktivitet.</p>	<p><i>Kvam har negativ handelsbalanse, dvs. det er fleire som reiser ut av kommunen for å handle enn til kommunen for å handle.</i>                      Dette skuldast lite handelsomland (lite kundegrnlag) og smalt handelstilbod. Dette kan vere uheldig med omsyn til attraktivitet, men ikkje nødvendigvis.</p>
<p><i>Kunst- og kultursektoren får nye pengar til kommunen i form av prosjektmidlar og stønad til arrangement og prosjekt.</i>                      Dette er også nye pengar til kommunen som blir nytta på lokalt næringsliv.</p>	
<p><i>Skatteinntekter frå tilsette i kunst- og kultursektoren.</i>                      Dette viktig inntektskjelde for kommunen.</p>	
<p><i>Kjøp av varer og tenester frå lokale tilbydarar.</i>                      Kunst- og kultursektoren handlar lokalt.</p>	

### 5.3 Har satsinga på kunst og kultur gitt meirverdi for Kvam?

Har satsinga på kunst og kultur gitt «meirverdi» for Kvam i form av auka bulyst og attraktivitet? Har aktiviteten i samband med det såkalla bulystprosjektet «Kvammalokk Revisited» hatt effekt på tilflytting og bulyst?

«Bulyst» dreier seg, som namnet indikerer, om lysten til å bu på ein stad og om å leggje til rette for at folk skal trivast i kommunen sin. Omgrepet inngår i dag mellom annan i Distriktsenteret<sup>19</sup> si prosjektportefølje der kommunar etter søknad kan få midlar til såkalla bulystprosjekt. Kvammalokk Revisited er eit slikt prosjekt. «Attraktivitet» er nært knytt til «bulyst», men er retta både mot tilflytting av menneske og næringsliv, og besøk. Vektlegginga av lokalsamfunna sin eigen innsats for å auke eigen attraktivitet er nært kopla til det endogene utviklingsparadigmet (jf. kap.1.5.1).

### 5.3.1 Viktige føresetnader for bulyst og attraktivitet

Faglitteraturen gir grunnlag for å identifisere visse føresetnader eller vilkår som må vere til stades for at folk a) skal velje å bli verande i den kommunen dei bur i, og b) velje å flytte til den aktuelle kommunen<sup>20</sup>. Føresetnader og vilkår vil sjølvstøtt variere frå individ til individ.

Føresetnadane/vilkåra for både bulyst og attraktivitet kan kort summerast opp rundt seks hovudtema: *arbeid, bustad, fysiske og sosiale eigenskaper ved tilflyttingsstaden, familie og utdanning*. I vår samanheng vil særleg arbeid og eigenskapar ved tilflyttingsstaden vere relevant med tanke på kunst og kultur som verkemiddel for tilflytting og folketilvekst. *Kunst- og kulturtilbod som galleri og museum eller aktivitetar som festivalar*, vil sjeldan utgjere ein grunnleggjande føresetnad som må vere til stades for at folk vel å flytte til ein stad, men kan sjølvstøtt utgjere eitt av fleire motiv for å flytte til ein stad. For nokre år sidan gjekk det føre seg ein liten, men heftig, diskusjon om kultur er av innverknad på folks flyttepreferansar.

Telemarksforsking fann i ei studie i 2012 at kultur (saman med utdanning) hadde liten eller ingen innverknad på folk sine flyttepreferansar (Vareide og Kobro 2012<sup>21</sup>). Konklusjonen førte til ein viss debatt omkring bruk av Telemarksforsking sin eigenutvikla Norsk Kulturindeks som grunnlag for vurderingane og kva som forklarar tilflytting til kommunar av ulik storleik og sentralitet<sup>22</sup>. Ein viktig lærdom av denne debatten er at det er skilnad på distriktskommunar og større bykommunar når det gjeld kultur som trekkfaktor for tilflytting, og at det ikkje er dei same mekanismane og individuelle preferansane som gjeld for folk sine flyttemotiv til større byar som til små og mellomstore distriktskommunar.

Dersom valet står mellom å flytte til to kommunar, kan kunst- og kulturtilbod i dei to kommunane vere avgjerande for valet. Dersom ein sjølv er kunstar eller arbeidar innanfor kunst- og kulturfeltet, kan kunst- og kulturfeltet i ein kommune bety arbeidsplassar eller fagmiljø, og såleis vere relevant for tilflytting. Kunst og kultur i ein kommune representerer såleis ulike moglegheiter i kommunen om ein er «vanleg» tilflyttar eller om ein er kunstar. For den første gruppa tyder kunst og kultur gjerne at

<sup>19</sup> <https://distriktsenteret.no/2013/09/26/bolysterfaringer/>

<sup>20</sup> Sjå t.d. Kjetil Sørli: Bolyst og stedsattraktivitet – motiver for å flytte og bo i distiktene. NIBR notat 2009:111; Knut Vareide og Marit Nygaard: Analyse av næringsutvikling, attraktivitet og innovasjon i Kvam. TF-notat 48/2013; Agnete Wiborg: Kulturbasert næringsutvikling i distriktene – et diskusjonsnotat. Nordlandsforskning. Arbeidsnotat nr 1002/2009; DAMVAD: Analyse av rasjonale for og innsats knyttet til lokal samfunnsutvikling innenfor regional- og distriktpolitikken. Delrapport 1. 25/06/15. Gro Marit Grimsrud og Marit Aure: Tilflytting for enhver pris? En studie av tilflyttingsarbeid i norske distriktskommuner. Ideas2evidence rapport 4/2013.

<sup>21</sup> Vareide og Kobro (2012): *Skaper kultur attraktive steder?* TF-notat nr 1/2012

<sup>22</sup> Vi lar den faglege debatten ligge, men viser til innlegg frå Gran, Anne Britt (2012): Kortslutning om kultur. Artikkel på nettstedet Minervanett, 7.mars. 2012. <http://www.minervanett.no/kortslutning-om-kultur/> og ein drøfting av metode og flyttepreferansar i Dahle,Ryssevik m.fl (2013): *Kultur, kroner, kreativitet. Kunst- og kultursektorens økonomiske og samfunnsmessige betydning i Bergen og Hordaland*. ideas2evidene rapport 3/2013.

kommunen er attraktiv gjennom å ha kunst- og kulturtilbod, medan kommunen for kunstnarar og kulturarbeidarar (i vid tyding) er attraktiv gjennom å kunne tilby fagmiljø og eventuelle arbeidsplassar.

Eit sentralt poeng i dei fleste nyare flyttestudiar er at bu- og flyttepreferansar må bli sett i samanheng med kva fase i livet ein er i, sivil status (einsleg, gift, osb.), barn eller ikkje, kvar ein har vakse opp og kva ein har utdanna seg til. Av desse er arbeids- og bustadtilhøve som regel dei mest avgjerande; ein må ha arbeid (som regel for to i husstanden) og ein må ha eit hus å bu i som passer hushaldet. Dersom kommunen soknar til ein region med ein stor og variert arbeidsmarknad vert tydinga av arbeid i bukommunen mindre viktig sidan ein då vil ha moglegheiter til pendling. Det same gjeld i prinsippet også for t.d. rekreasjonstilbod og kulturtilbod, alt treng ikkje vere i bukommunen så lenge ein kan nå aktuelle tilbod innanfor akseptabel reisetid. Vi snakkar her eigentleg om ein annan viktig faktor, nemleg *tilgjengelegheitsfaktoren*.

### 5.3.2 Kva så med Kvam?


Føremålet med Kvam herad si satsing på kunst og kultur var i hovudsak å leggje grunnlag for nye kreative arbeidsplassar som skulle gje både økonomiske og kulturelle ringverknader. Med ein analog til meir tradisjonell næringstankegang var tanken at dersom ein lykkast med å legge til rette for eit sterkt kunst- og kulturmiljø, vil det trekke til seg (eller *lokke til seg*) kunstnarar som ser moglegheita til å arbeide i Kvam. Dette vil i sin tur vil auke attraktiviteten for tilflytting av så vel kunstnarar som «vanlege folk» som ser på kommunen som ein attraktiv stad å bu og leve.

#### *Mange arbeidsinnvandrarar....*

Spørsmålet om satsing på kunst og kultur gjennom tiltak som Kvammalokk og Kvammalokk Revisited har ført til auka tilflytting til Kvam er i utgangspunktet ikkje lett å gje eit klart svar på. Vi veit at Kvammalokk i sin tid var den direkte årsaken til at minst 10 kunstnarar frå Nederland og Noreg slo seg ned i Kvam. Nokre av desse har i ettertid flytta ut av kommunen. Interesse for å flytte til Kvam blant norske og utanlandske kunstnarar var imidlertid svært stor, om lag 70 personar møtte opp då kommunen heldt orienteringsmøte om Kvammalokk og kva Kvam kunne gjere for dei. Etter vår vurdering så gjorde Kvammalokk ein god jobb i 2007 med marknadsføring av Kvam og med påfølgande tilflytting av kunstnarar frå inn- og utland. Det er likevel ikkje dette initiativet som gjorde at 2008 står att som året med høg nettotilflytting, etter mange år med nettoutflytting. Den æra må arbeidsmarknadssituasjonen i Aust-Europa og Noreg, saman med flyktningsstraumar som følgje av krig i verda ta hovudansvaret for. Det kommunale tilflyttingsprosjektet fall i tid saman med tilhøve andre stader i verda som påverkar flyttestraumar.

Nesten all tilflytting i perioden frå 2008 og fram til 2013 var arbeidsinnvandring og flyktingar. Vi har ikkje oversikt over flyttemotiva til tilflyttarane, utover at arbeidsinnvandrarar kom for å arbeide og flyktingar kom av di dei blir sendte til Kvam av styresmaktene. Som vi drøfta i kapitel 2 er det god grunn til å hevde at hovudmengda av tilflyttinga til Kvam skuldast tilhøve utanfor kommunen som den globale arbeidsmarknadssituasjonen og krigar rundt om i verda, enn lokalinitierte tiltak. Når det er sagt, så må (eller i alle høve bør) det vere ein lokal eller regional arbeidsmarknad som kan ta i mot arbeidssøkande anten dei kjem frå Hordaland, Nederland eller Polen. Hardanger Fartøyvernssenter har i så måte fleire utanlandske handverkarar – som i høgste grad må karakteriserast som kulturarbeidarar. Kabuso og Messen har òg sysselsett utanlandske kunstnarar, men då berre i deltidsstillingar. Harding Puls, inkludert Galleri Pulls, har ei rekkje kunstnarar innan fleire retningar i sitt nettverk.

Den innanlandske nettoinnflyttinga har, med eit lite unnatak i 2008, i heile perioden vore negativ. Etter 2011 har nettoinnvandringa blitt kraftig redusert og nettoinnflyttinga viste minus i 2013. Dette går fram av grafen i figur 5.2 under (same graf er også vist som figur 2.3). Dette peikar sterkt i retning av at tilflyttingstiltak som Kvammalokk, Hardangerlokk og Flytt til Hardanger har liten effekt, i alle fall ovanfor husstandar som bur i Noreg i dag.



Figur 5.2 Nettoinnflytting, netto innalands innflytting, og nettoinnvandring. Kjelde: SSB

### 5.3.3 Vekst i sysselsette innan kunst- og kulturfeltet i Kvam

Samtidig har Kvam har hatt ein større auke i sysselsette innan kunst- og kulturfeltet i Kvam enn i kontrollkommunane Odda, Osterøy og Sogndal i perioden 2008 til 2016. I kva grad denne veksten skuldast tiltak frå Kvam herad har vi ikkje hatt tid og ressursar til å undersøke nærare, men vi finn grunn til å tru at det er ein samanheng. Veksten har vore serleg stor innan offentlege stillingar og musédrift, men også talet på registrerte aktørar innan kunst og underhaldning har hatt ein auke. Dette er vist i tabell 5.1.

Vi tolkar dette som ein indikasjon på satsinga på kunst- og kultur har vore av betydning.

Tabell 5.1 Sysselsette i utvalte næringar 2008, 2011 og 2015 i Kvam og kontrollkommunar\*. SSB

Sysselsatte personer etter bosted	2008				2011				2015			
	Odda	KVAM	Osterøy	Sogndal	Odda	KVAM	Osterøy	Sogndal	Odda	KVAM	Osterøy	Sogndal
55 Overnattingsverksemd	50	74	30	94	46	72	24	88	35	71	29	104
56 Serveringsverksemd	61	57	30	50	49	99	20	57	56	44	39	56
58 Forlagsverksem	28	9	6	15	22	7	6	16	9	7	4	7
59 Film- og TV-prod., musikkutgiving	2	3	1	7	2	1	2	11	5	2	0	16
71 Arkitektar og tekniske konsulentar	40	45	35	50	47	47	34	54	49	49	56	61
72 Forskning og utviklingsarbeid	2	3	8	18	3	1	4	18	2	8	7	18
90 Kunstnerisk verks. og underhaldning	2	13	8	11	2	12	12	5	2	18	7	7
91 Bibliotek, musé o.a. kulturverksemd	26	13	18	20	20	14	18	22	15	33	18	27
<b>Sum</b>	<b>211</b>	<b>217</b>	<b>136</b>	<b>265</b>	<b>191</b>	<b>253</b>	<b>120</b>	<b>271</b>	<b>173</b>	<b>232</b>	<b>160</b>	<b>296</b>

\*) Vindafjord har ikkje data.

## 6 Avslutning

### 6.1.1 Mangfaldig og omfattande kunst- og kultursektor

Gjennomgangen har vist at kunst- og kultursektoren i Kvam er omfattande og famnar om eit relativt breitt spekter av yringsformer. Det er minst 44 einiskildføretak innan kunst, kultur og underhaldning med adresse Kvam, dei fleste innan visuelle kunststartar. I tillegg kjem kunstnarar som ikkje har valt å registrere verksemda si. Det er også fleire kunstnarar som ikkje bur i Kvam, men som har sterk tilknytning til kommunen og/eller t.d. er med i kunstnarforumet Harding Puls. Vi finn grunn til å streke under at Harding Puls har ei særskilt viktig rolle som forum og nettverksorganisasjon for kunstnarar i Kvam – og Hardanger, og som fungerer både som nettverksbygger mot eksterne aktørar og som initiativtakar til større regionale kunstprosjekt. Kunsthuset Messen har også ein viktig funksjon som vertskap for kunstnarar frå inn- og utland, og som ein formidlingsarena ovanfor skular i kommunen og regionen.

Av kulturinstitusjonar står Hardanger Fartøyvern fram som eit fyrtårn med sin mangfaldige aktivitet og som kulturelt trekkplaster i kommunen. Bygdalarm har vore ein viktig musikkfestival i kommunen som har vore med å setje Kvam på det kulturelle Hordalandskartet. Kabuso har på mange måtar den same funksjonen innan kunst- og musikkfeltet, med spanande kunstutstillingar og konsertar innan ulike genrar.

### 6.1.2 Kunst- og kulturfeltet gir ringverknader, men kanskje ikkje veldig store

Kunst- og kulturfeltet i Kvam gir ringverknader for andre sektorar, men kanskje ikkje så veldig store. Vi skriv «kanskje» av di gjennomgangen verken omfattar økonomisk ringverknadsanalyse, gjennomgang av årsrekneskap hos kunst- og kulturaktørane eller publikumsundersøkingar (utover den frå Bygdalarm frå 2012) som kan gi oss grunnlag for å seie noko om dei tilreisande sitt forbruk som følgje av kunst- og kulturarrangement. Gjennomgangen har vist at lokale kunst- og kulturtiltak skaper aktivitet og sørgjer for at «noko skjer», at det blir handla lokalt av arrangørane og at tiltaka trekk publikum som brukar pengar. Utover eit estimert talgrunnlag frå Bygdalarm 2012, har vi ikkje grunnlag for å skrive noko om kva publikum – lokalt og tilreisande, legg att på slike arrangement. Samstundes som kunst- og kulturtiltaka i Kvam (som andre stader) kjøper varer og tenester av lokalt næringsliv, så gir det same næringslivet også økonomisk stønad gjennom rabattordningar og ordinær sponning. Dette gjer at det er vanskeleg å vere veldig konkret på kva kunst- og kultursektoren gir av økonomiske ringverknader for andre sektorar i kommunen.

Dette er uansett metodisk uvisst farvatn, og det er metodisk utfordrande å måle eksakt kva ein sektor gir av ringverknader for andre sektorar lokalt. Dersom ein legg ei konservativ tolking til grunn, er det berre pengar som tilreisande legg att i Kvam som gjev lokale ringverknader. Og for at ein skal kunne seie at ringverknadane skuldast kunst- og kulturaktivitet, er det berre dei som reiser eins ærend for å ta del i ein slik aktivitet som skal telje med tanke på ringverknader. Vi har ikkje grunnlag for å talfeste noko etter ei slik forståing.

### 6.1.3 Kunst og kultur åleine skaper lite tilflytting, men gir arbeidsplassar og genererer aktivitet

Gjennomgangen gir grunnlag for å hevde at kunst og kultur åleine skaper lite tilflytting, men at kunst og kultur kan vere viktig for bulyst og stadattraktivitet. Det er verken Kvammalokk, Hardinglokk eller andre «lokketiltak» som har ført til at kommunen har hatt ein positiv eller stabil folketalsutvikling

sidan 2007 og fram til 2013, det er det i all hovudsak tilhøve utanfor Kvam som har sørgja for gjennom stor arbeidsinnvandring og tilflytting av flyktningar. Når det er sagt så klarte Kvammalokk å «lokke» til seg eit tiltals kunstnarar i 2008. Mange av desse bur og verkar framleis i Kvam og har medverka til å styrke både kunstnar- og kulturmiljøet både lokalt og regionalt. Vi trur denne satsinga vil vise seg å vore ei god investering for Kvam på sikt.

Kvam har sidan 2008 hatt ein sterkare vekst i talet på utøvarar innan kunst- og kulturfeltet enn mange andre kommunar, og talet på arbeidsplassar innan kunst- og kulturfeltet har auka i same perioden. Det er rimeleg god grunn til å tru at satsinga til Kvam herad på å leggje til rette for sektoren, mellom anna gjennom Kvammalokk og Kvammalokk Revisited, har vore ein sterk medverkande årsak til dette. Sektoren sjølv har i stor grad også gjort ein innsats som har gjort kultursektoren til ein viktig faktor i samfunnsutviklinga i Kvam. Kunst- og kultursektoren medverkar ikkje berre med å gje kvemningar og tilreisande kunst- og kulturtilbod gjennom konsertar, festivalar, utstillingar, galleri, og museum, men også gjennom å rekruttere kompetanse innan feltet til Kvam og å setje kommunen og Hardanger på kunst- og kulturkartet. Arbeidsplassar innan kunst- og kulturfeltet utgjer ein viktig føresetnad for å trekke ressurspersonar til kommunen som i sin tur kan generere nye kulturaktivitetar – og slik sett generere kulturelle ringverknader.

#### 6.1.4 Kunst- og kultursatsinga har vore god marknadsføring for Kvam

Ein kommune som kan vise til at det skjer noko på kulturfronten, både i form av arrangement og tilrettelegging for kulturelle ytringar gjennom heile året, får lettare merksemd i media enn kommunar som ikkje har vesentleg kulturaktivitet. Dette gjeld for alle kommunetypar, men kan vere viktigare for mindre kommunar enn for store. Positiv merksemd frå media kan medverke til å auke attraktiviteten til kommunen som igjen kan føre til tilflytting og tilbakeflytting, dersom andre føresetnader som er viktige for folk er til stades.

Dette kan det sjå ut som om Kvam har lukkast med. Kvam har fått eit omdøme som ein god kommune å drive kunstnarisk verksemd i, samstundes som kunst- og kulturtilbod i kommunen også utgjer ein besøksøkonomi. Det er eit aktivt kunstmiljø i Kvam, utflytta kunstnarar flyttar attende på grunn av godt miljø og gode utviklingsmoglegheiter. Også kunstnarar frå andre deler av landet har flytta til kommunen. Eit argument er at i Kvam blir du synleg som kunstnar og blir tatt vel i mot, i Oslo og andre større byar blir du ein av mange og blir lett usynleg. Bygdalarm og andre festivalar i kommunen, saman med Hardanger Fartøyvernssenter og Kunsthuset Kabuso gir grunnlag for ein lokal opplevingsøkonomi som gjev ringverknader utover eigen sektor på kort og lang sikt.

Den kortsiktige verknaden dreiar seg om lokal overrislingseffekt som vi har vist er gunstig for lokale næringsdrivande. Den langsiktige er vanskelegare å kvantifisere, men handlar mellom anna om å gje fastbuande og tilreisande opplevingar og om å skape aktivitet. Både Kvam herad og lokale aktørar innan kunst- og kultursektoren har etter vår vurdering lagt eit godt grunnlag for ein framtidig satsing på ein opplevingsøkonomi. Ein viktig føresetnad for dette er at Kvam har noko tilby både fastbuande og tilreisande, og då i første tilreisande sidan det er desse som bringer nye pengar inn i kommunen.

Utfordringa for mindre kommunar og distriktskommunar er at dei ikkje kan tevla på same vilkår som storbyane når det kjem til kulturtilbod, tenestetilbod og arbeidsplassar – dei må tevla på eigne premisser. Etter vår oppfatning er det nettopp det Kvam har gjort i samband med Kvammalokk og oppfølgaren Kvammalokk Revisited. Prosjektet handlar om etablering og organisering av kunst- og kulturbasert næringsklynge basert på røynsle, institusjonar og nettverk som er bygd opp gjennom

tilflyttingsprosjekta Kvammalokk og Hardangerlokk med mål om auka attraktivitet som bu- og arbeidsstad for kunstnarar.

*Skyspace – "Hardanger nye himmel-øye»*

Intallasjonen Skyspace av James Turrell vart opna i september 2016.

Følgjande tekst er henta frå Kunsthuset Kabuso si nettside<sup>23</sup>:

«James Turrell sine skyspace-verk er kunstbygg som lar tilskodaren sjå naturens lys på ny. Hardanger Skyspace er ein ny, fast kunstinstallasjon i Øystese, som vil gje mange gode kunstoplevingar i åra som kjem.

Skyspace-verka til Turrell er utforma som arkitektoniske rom og dei ligg i eit grenseland mellom arkitektur og installasjon. Verket i Hardanger skal vere åttekant på utsida og ellipseforma på innsida. I golvet er det varmekablar for vintersesongen, og det er ein innebygd benk langs veggene i rommet der det er plass til 10-15 menneske. I taket er det ei opning som går rett ut til himmelen. Frå innsida ser ein mot, og på, himmelen.»



UTVENDIG: På utsiden er den kantet som en katedral, over fem meter høy og åttekantet, taus, lukket og lite inviterende. Med fjorden og fjellene som kulisser. FOTO: ELIAS DAHLEN

## Hardangers nye himmel-øye

Er det en trafokiosk? Et bomberom? Nei, Øystese har fått seg en verdensattraksjon.

FRODE BJERKESTRAND Kulturredaktør i BT. 22.sep.2016 07:36, oppdatert 22.sep.2016 07:36

Skyspace er utvilsamt ein interessant installasjon. Spørsmålet er om han ikkje vil stå i fare for å bli for interessant både for lokalbefolkning og tilreisande? Installasjonen kan, for eit utrend auge, sjå ut som ein trafokiosk eller eit bomberom, som Bergens Tidende skriv i ein artikkel om opninga (BT 22. 9. 2016). Biletet under er henta frå same artikkel. Då vi vitja staden ei veke etter opningsdagen fann vi verken eit skilt eller anna informasjon som fortalde kva dette var. Byggverket har ei dør, vendt mot fjorden. Vi går ut i frå at det vil bli gjort tiltak for å marknadsføre og informere om installasjonen.

<sup>23</sup> <http://www.kabuso.no/hardanger-skyspace/om-turrell-og-hardanger-skyspace>

### *Messen – viktig funksjon som gjestebustad og fellesatelier for kunstnarar*

Messen har i dag ein viktig funksjon som gjestebustad for kunstnarar med fellesatelier. Messen utgjer eit svært populært tilbod for både tilreisande og lokale kunstnarar, og medverkar såleis til å gjere Kvam til ein dynamisk kommune innan kunstfeltet.



*Kunstnarhuset Messen. (Foto: Pelle Engesæter)*

#### 6.1.5 Ingen klar og eintydig konklusjon

Vi ønskjer å presisere at kartlegginga ikkje gjev grunnlag for ein klar og eintydig konklusjon. Dette skuldast at vi dels ror i metodisk ureint farvatn med mange usikre faktorar, dels at datagrunnlaget har vore mangelfullt eller usikkert. Kartlegginga omfattar såleis til dømes ikkje pengestraumar inn og ut av Kvam i samband med kulturarrangement, eller publikumsundersøkingar retta mot forbruk på kulturarrangement. Unntaket er her publikumsundersøkinga på Bygdalarm 2012 gjort i ein annan samanheng. Denne undersøkinga har vi nytta til å estimere publikums forbruk (mat, drikke, overnatting, etc.) under festivalen. Det vart skilt mellom tilreisande og ikkje-tilreisande, men grenseflatene mellom dei to gruppene er flytande av di mange av dei tilreisande er utflytta kvemmingar på besøk i heimkommunen. Estimering av ringverknader av Bygdalarm viste at festivalen gav ringverknader for lokalt næringsliv. Ein festival som Bygdalarm er truleg lite representativ for andre festivalar i Kvam, verken med omsyn til forbruk og tilreisande (jf. kap.4.2.2).

Som for dei fleste andre festivalar utanom dei største byane, utgjer truleg storparten av dei tilreisande folk som har tilknytning til kommunen. Festivalar som Bygdalarm fungerer i stor grad som ein happening der utflyttarar kjem «heim» for å treffe gamle kjente og ha det moro. Det er grunn til å tru at mange av desse bur privat og ikkje betalar for overnatting på hotell og andre overnattingsstader. Det viser ei undersøking av Østlandsforskning (Ericsson 2003)<sup>24</sup> frå Lillehammer; dei tre festivalane som vart undersøkt hadde få tilreisande som betalte for overnatting.

Kartlegginga har likevel vist at kunst og kultur skapar både arbeidsplassar og genererer aktivitet.

<sup>24</sup> Birgitta Ericsson: ØF-notat nr. 06/2003: Lokaløkonomiske virkninger av kulturfestivaler- et metodisk urent farvann. Østlandsforskning.

## Referansar

Bugge, M.M. og A. Isaksen. 2007: Kultur – Retur, Fylkeskommunenes satsinger på kulturbasert næringsutvikling. Rapport nr.4. NifuStep.

Dahle, Malin, Jostein Ryssevik, Asle Høgestøl og Simon Musgrave. 2013: Kultur, kroner, kreativitet. Ideas2evidence-rapport 3/2013.

Damvad-rapport. 2015. Analyse av rasjonale for og innsats knyttet til lokal samfunnsutvikling innen regional- og distriktspolitikken. Delrapport 1. Damvad-rapport 25/06/15.

Ericsson, Birgitta. 2003: Lokaløkonomiske virkninger av kulturfestivaler – et metodisk urent farvann. Østlandsforskning. ØF-notat 06/2003.

Grimsrud, Gro Marit og Marit Aune. 2013. Tilflytting for enhver pris? En studie av tilflyttingsarbeid i norske distriktskommuner. Ideas2evidence rapport 4/2013.

Hansen, Jens Christian og Tor Selstad. 1998: Regional omstilling – strukturbestemt eller styrbar? Universitetsforlaget.

Kobro, Lars Ueland. 2009: Kultur og næring. Notat 35/2009. Telemarksforskning.

Ryssevik, Jostein og Jan Erik Grindheim. 2007: Lidenskap og levevei – en studie av utvalgte kulturnæringer i Hordaland. Ideas2evidence rapport nr.5/2007

Statistisk sentralbyrå (SSB): <http://www.ssb.no/>

Sørli, Kjetil. 2009: Bolyst og stedsattraktivitet – motiver for å flytte og bo i distriktene. NIBR notat 2009:111

Vareide, Knut og Marit Nygaard. 2013. Analyse av næringsutvikling, attraktivitet og innovasjon – Kvam. Telemarksforskning. TF-notat 48/2013.

Wiborg, Agnete. 2009. Kulturbasert næringsutvikling i distriktene – et diskusjonsnotat. Nordlandsforskning. Arbeidsnotat nr 1002/2009



## Vedlegg

Oversikt over firma registrert som einskildføretak (med nokre unntak) med forretningsadresse i Kvam.

### Selskap innan kunst- og kulturfeltet med adresse i Kvam registrerte i Einingsregisteret

FIRMANAMN		BRANSJE
BERNT KRISTIAN FLEKSTAD VIK	ENK	90011 UTØVENDE KUNSTNERE OG UNDERHOLDNINGSVIRKSOMHET INNEN MUSIKK
GJERDE FORMIDLING	ENK	90011 UTØVENDE KUNSTNERE OG UNDERHOLDNINGSVIRKSOMHET INNEN MUSIKK
HALLGEIR WILHELMOSEN	ENK	90011 UTØVENDE KUNSTNERE OG UNDERHOLDNINGSVIRKSOMHET INNEN MUSIKK
KVAMMALESTEN ANS	ANS	90011 UTØVENDE KUNSTNERE OG UNDERHOLDNINGSVIRKSOMHET INNEN MUSIKK
LEIRENS MUSIKKVERKSTED KLANGFUGLEN	ENK	90011 UTØVENDE KUNSTNERE OG UNDERHOLDNINGSVIRKSOMHET INNEN MUSIKK
LYD ILØO ALVIN VESTRHEIM	ENK	90011 UTØVENDE KUNSTNERE OG UNDERHOLDNINGSVIRKSOMHET INNEN MUSIKK
SIGMUND VIK - BASS	ENK	90011 UTØVENDE KUNSTNERE OG UNDERHOLDNINGSVIRKSOMHET INNEN MUSIKK
TROND SPORSHEIM BERG	ENK	90011 UTØVENDE KUNSTNERE OG UNDERHOLDNINGSVIRKSOMHET INNEN MUSIKK
TRU PÅ TRÅD Rut Oppedal Rasmussen	ENK	90011 UTØVENDE KUNSTNERE OG UNDERHOLDNINGSVIRKSOMHET INNEN MUSIKK
VIK PIANOMUSIKK	ENK	90011 UTØVENDE KUNSTNERE OG UNDERHOLDNINGSVIRKSOMHET INNEN MUSIKK
RUT OPEDAL RASMUSSEN	ENK	90011 UTØVENDE KUNSTNERE OG UNDERHOLDNINGSVIRKSOMHET INNEN MUSIKK
ARILD KÅREID LYDUTLEIGE	ENK	90020 TJENESTER TILKNYTTET UNDERHOLDNINGSVIRKSOMHET
GLORIA AS	AS	90020 TJENESTER TILKNYTTET UNDERHOLDNINGSVIRKSOMHET
GUNNAR ÅSEBØ	ENK	90020 TJENESTER TILKNYTTET UNDERHOLDNINGSVIRKSOMHET
LINDA LID GARD OG KERAMIKKVERKSTAD	ENK	01451 SAUEHOLD, 90031 SELVSTENDIG KUNSTNERISK VIRKSOMHET INNEN VISUELL KUNST
ARVID AASPRANG	ENK	90031 SELVSTENDIG KUNSTNERISK VIRKSOMHET INNEN VISUELL KUNST
AUD BÆKKELUND	ENK	90031 SELVSTENDIG KUNSTNERISK VIRKSOMHET INNEN VISUELL KUNST
BENTEMALM QUILTE-DESIGN Bente Nysæther Malm	ENK	90031 SELVSTENDIG KUNSTNERISK VIRKSOMHET INNEN VISUELL KUNST
BILETKUNSTNAR SOLFRID AKSNES	ENK	90031 SELVSTENDIG KUNSTNERISK VIRKSOMHET INNEN VISUELL KUNST
FELIEKE VAN DER LEEST	ENK	90031 SELVSTENDIG KUNSTNERISK VIRKSOMHET INNEN VISUELL KUNST
ILLUSTRATØR BØRSHEIM	ENK	90031 SELVSTENDIG KUNSTNERISK VIRKSOMHET INNEN VISUELL KUNST
JUDITH ELISABETH DE HAAN	ENK	90031 SELVSTENDIG KUNSTNERISK VIRKSOMHET INNEN VISUELL KUNST
LINALYNG LINA LYNGSET	ENK	90031 SELVSTENDIG KUNSTNERISK VIRKSOMHET INNEN VISUELL KUNST
MADS DRAGSUND	ENK	90031 SELVSTENDIG KUNSTNERISK VIRKSOMHET INNEN VISUELL KUNST
MALEBUA Bjørg Lid	ENK	90031 SELVSTENDIG KUNSTNERISK VIRKSOMHET INNEN VISUELL KUNST
LINDA LID	ENK	90031 SELVSTENDIG KUNSTNERISK VIRKSOMHET INNEN VISUELL KUNST
MARCO ANGELUCCI	ENK	90031 SELVSTENDIG KUNSTNERISK VIRKSOMHET INNEN VISUELL KUNST
SIGBJØRN KVANDAL	ENK	90031 SELVSTENDIG KUNSTNERISK VIRKSOMHET INNEN VISUELL KUNST
SKIPSSMIO Alf Sørnes	ENK	90031 SELVSTENDIG KUNSTNERISK VIRKSOMHET INNEN VISUELL KUNST
SOLRUNN NES IKONMALERI	ENK	90031 SELVSTENDIG KUNSTNERISK VIRKSOMHET INNEN VISUELL KUNST
WIMVANDENTOORN.COM VAN DEN TOORN	ENK	90031 SELVSTENDIG KUNSTNERISK VIRKSOMHET INNEN VISUELL KUNST
ANNE CATHRINE EIKEN	ENK	90032 SELVSTENDIG KUNSTNERISK VIRKSOMHET INNEN MUSIKK
FRODE MÅKESTAD MUSIKER	ENK	90032 SELVSTENDIG KUNSTNERISK VIRKSOMHET INNEN MUSIKK
HELENA RYKKJE	ENK	90034 SELVSTENDIG KUNSTNERISK VIRKSOMHET INNEN LITTERATUR

KNUT MARKHUS	ENK	90034 SELVSTENDIG KUNSTNERISK VIRKSOMHET INNEN LITTERATUR
KVAM RESEARCH AND TRADE LARS GUNNAR LUNDBLAD	ENK	90034 SELVSTENDIG KUNSTNERISK VIRKSOMHET INNEN LITTERATUR
OLE MADS SIRKS VEVLE	ENK	90034 SELVSTENDIG KUNSTNERISK VIRKSOMHET INNEN LITTERATUR
SKRIVESTOVA SAKSEID	ENK	90034 SELVSTENDIG KUNSTNERISK VIRKSOMHET INNEN LITTERATUR
TIKKANN Anne Skeie	ENK	90034 SELVSTENDIG KUNSTNERISK VIRKSOMHET INNEN LITTERATUR
EVENTYRMUSEET Merethe Gauden	ENK	90039 SELVSTENDIG KUNSTNERISK VIRKSOMHET IKKE NEVNT ANNET STED
ERNST RYKKJE	ENK	91029 DRIFT AV MUSEER IKKE NEVNT ANNET STED
FRISK GLÜCK-TEIGLAND	ENK	91029 DRIFT AV MUSEER IKKE NEVNT ANNET STED
Randi Sandven Skeie	ENK	68209 UTLIE AV EGEN ELLER LEID FAST EIENDOM ELLERS
Maria Skeie	ENK	13990 PRODUKSJON AV TEKSTILER IKKE NEVNT ANNET STED
Torgeir Kinne Solsvik	ENK	46180 AGENTURHANDEL MED SPESIALISERT VAREUTVALG ELLERS
STIFTINGAR, LAG OG FOREININGAR		
STIFTINGA HARDINGTONAR		79.903 Opplevelses-, arrangements- og aktivitetsarrangørvirksomhet
HARDING PULS	FLI	90.031 Selvstendig kunstnerisk virksomhet innen visuell kunst
BYGDALARM		94.991 Aktiviteter i andre interesseorganisasjoner ikke nevnt annet sted
KUNSTNARHUSET MESSEN	FLI	94.991 Aktiviteter i andre interesseorganisasjoner ikke nevnt annet sted
HARDANGER TREBÅTFESTIVAL BA	BA	94.991 Aktiviteter i andre interesseorganisasjoner ikke nevnt annet sted

Kjelder: Ravninfo/Brønnøysundregistra/ <http://www.hardingpuls.no/>

Følgjande kunstnarar busett i Kvam er ikkje registrerte som eige selskap.

- Els Geelen Biletkunstnar
- Hildegunn Strømme Biletkunstnar ??
- Geir Botnen Muskar
- Bjørn Brynjolf Pedersen Keramikar ??
- Torunn Øvsthus Keramikar ??
- Randi Storaas Manusforfattar og regissør. Norheimsund
- Simone Maria Hooymans Grafisk design Ålvik ??
-

